

Preben Betten

**NTNU**  
Norges teknisk-naturvitenskapelige  
universitet  
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap  
Institutt for sosiologi og statsvitenskap

Preben Betten

## Rus, Diskurs og Tap av Tillit

Ein diskursanalyse av debatten rundt den norske rusreforma på r/Norge frå mars 2021-2022

Juni 2022



# Rus, Diskurs og Tap av Tillit

Ein diskursanalyse av debatten rundt den norske rusreforma på r/Norge frå mars 2021-2022

**Preben Betten**

Sosiologi

Innlevert: Juni 2022

Hovedveileder: Mariann Villa

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet  
Institutt for sosiologi og statsvitenskap



Preben Betten

## Rus, Diskurs og Tap av Tillit

Ein diskursanalyse av debatten rundt den norske rusreforma på r/Norge frå mars 2021-2022

Masteroppgåve i sosiologi

Vegleiar: Mariann Villa

Trondheim, juni 2022

Norges teknisk-naturvitskaplege Universitet

Fakultet for samfunns- og utdanningsvitskap

Institutt for sosiologi og statsvitskap



Kunnskap for ei betre verd



# INNHALDSFORTEIKNING

---

i Forord .....	iv
ii Samandrag .....	v
iii Abstract.....	vi
1 Innleiing .....	1
1.1 Aktualisering.....	1
1.2 Problemstilling .....	3
1.3 Dette skal gjerast .....	4
2 Teoretisk rammeverk.....	6
2.1 Fagleg perspektiv og teoretisk grunnlag .....	6
2.2 Kva er Kritisk Diskursanalyse?.....	7
2.3 Problem ved Kritisk diskursanalyse.....	8
2.4 Datamediert Diskurs Analyse.....	9
2.5 Multimodalitet og multisemiotikk .....	12
2.6 Fasettert klassifikasjon.....	13
3 Metode .....	16
3.1 Familiaritet .....	16
3.2 Utval.....	17
3.3 The WayBack Machine .....	18
3.3.1 Korleis fungerer WayBack Machine? .....	18
3.3.2 Problem ved bruk av WayBack Machine.....	19
3.4 Søknad til Norges senter for forskingsdata .....	22
4 Reddit.....	24
4.1 Kva er Reddit?.....	24
4.2 Kvifor brukar folk Reddit?.....	25
4.3 Reddit og andre sosiale media .....	25
4.4 Demografi.....	27
4.5 Karma.....	28
4.6 Subreddit .....	28
4.7 r/Norge .....	30
5 Analyse .....	32
5.1 Permanens.....	33
5.2 Tone og Norm .....	37
5.3 Multimodalitet .....	48

5.4	Meldingsstørrelse.....	51
5.5	Anonymitet.....	52
5.6	Deltakarstruktur, Deltakarer og Rekkefølge.....	54
5.7	Alkohol og Regulering.....	60
6	Diskusjon.....	63
6.1	Grupper og tillit.....	63
6.2	Portvaktene konstruerer sitt eige Ekkokammer.....	64
6.3	Det er så enkelt!.....	66
6.4	Tillit til statlege organ.....	67
7	konklusjon.....	69
7.1	Mitt bidrag.....	69
7.2	Problem med oppgåva.....	69
7.3	Videre forskning.....	70
8	Referanser.....	72
9	NSD søknad.....	75



# I FORORD

---

Tid er eit pussig konsept. Når eg våren 2021 satt meg ned for å byrje planlegge kva ei mogleg masteroppgåva kunne være følte eg at det var all verdens med tid. Meir enn eit år faktisk. Det var da uendeleg. Men tida gjekk. Dagane gjekk sakte, men til tider har eg følt det som om me hoppa over eit par månader. Spesielt de siste 6 månadane har gått i eitt. Ikkje før i dag, 13 juni 2022, har eg tatt meg tid til å sette meg ned og faktisk vurdere det eg har gjort. Eg har skreve ei masteroppgåve. Det er jo litt stas, sjølv om det ikkje er nokon tittel lik Ph.d.-en. Kanskje det er like greitt. «Master Betten» hadde sett litt ekstra ut på CV-en.

Oppgåva er i det minste ferdig, eller så ferdig den blir. Ein er vel kanskje aldri heilt ferdig. Sjølv no føler eg ein trong for å skrote heile greia og starte på nytt, no med nye erfaringar, nye idear. Forhåpentlegvis slipp eg å faktisk gjennomføre dette. Oppgåva er på mange vis ikkje å kjenne att frå den eg presenterte i april 2021. Niklas Luhmann har fullstendig uteblitt, til tross for at hans tankar om andregrads observasjonar i kunst var utløysaren for den originale ideen. Men oppgåva ble ferdig, og det har eg mange eg må takke for.

Fyrst vill eg takke min vegleiar, Mariann Villa, ein resurs eg ikkje har nytta meg av i nærleiken av så mykje eg burde. Kven skulle trudd at skippertaksskriving skulle gjere det vanskeleg å ha noko å vise for tilbakemelding. Ho fekk i det minste lest gjennom oppgåva i sin heilheit ein gong før eg no leverer, og tilbakemeldinga eg fekk viste seg å være uunnverleg. Du kan tenkja deg korleis oppgåva såg ut før ho fekk komma inn og peika meg i retning av noko hensiktsmessig. Det setts veldig pris på. Eg må også takke mine medstudentar som har gjort de to siste åra på masterstudiet ein oppleving verdt å ta vare på. Når eg no sitt og skriv har eg berre gode minner. Sluttvis må eg takke mine foreldre. Takk mamma, takk pappa. Utan dykk hadde eg truleg aldrig vågd velje å studere det eg ville framfor det eg burde. PS: Dykk kan gjerne sett av litt ekstra til arven for å avsette tap av inntekt.

Eg ønskjer å avslutte dette forordet med eit sitat frå min tidlegare norsklærer, litt som eit varsel, men mest for eg synes det er eit veldig gøy sitat.

*«Du har ofte interessante idear Preben, men av og til skriv du som ein hest»  
- Gaute Straume Epland, Ordførar for Stord Kommune, ~2015*

## II SAMANDRAG

---

Denne masteroppgåva er ein analyse av digital kommunikasjon slik den vert gjennomført på det norske forumet r/Norge på den sosiale medieplattforma Reddit, med eit søkelys på debatten som oppstod rundt rusreforma som vart lagt fram våren 2021. Hensikta er å forsøkje kartleggje det eg ser som ein tendens til tap av tillit ovanfor norske maktorgan, lik politiske parti, helsesystemet og særleg politiet. Datamaterialet består av 17 innlegg og 1700 kommentarar som vart publisert på forumet mellom mars 2021 og mars 2022. Oppgåva byggjer på eit teoretisk rammeverk grunna i Norman Faircloughs (1995; 2010) kritiske diskursanalyse og Susan Herrings (2004; 2007; 2010) datamedierte diskursanalyse for å forsøkje kaste eit vidt nett for å betre fasilitere ein utforskande form for forskning.

Dette teoretiske rammeverket tillèt oppgåva å betre analysere diskurs slik den går for seg på digitale plattformar, då oppgåva ser dette som på mange vis fundamentalt ulikt ansikt-til-ansikt kommunikasjon. Eg finn ein debatt som til dels er prega av frustrasjon og sinne ovanfor eit system som kan synes å ikkje representere de nærmare mange medlemmane som deltek i forumet. Me finn også at sjølv om ikkje alle deltakarane i forumet er semde om kva problematikken er, eller kva rusreforma er meint å være, er den overvektige majoriteten einige om at dagens politikk ikkje har fungert slik de ønskjer. Eg har i denne oppgåva også konkludert med det eksisterer ein trend av mistillit på forumet, og argumenterer sluttvis for at det er ønskeleg med vidare forskning på problematikken, særleg med eit fokus på digitale medieplattformar lik Reddit.

### **III ABSTRACT**

---

This thesis is an analysis of digital communication as it is practiced on the Norwegian subforum r/Norge on the social media platform called Reddit, with a focus on the debate on the forum surrounding the drug reforms proposed spring 2021. The purpose is to attempt map out what I perceive to be a tendency of degrading levels of trust towards different parts of the Norwegian government, such as political parties, the health system and particularly the police. The material used in this thesis consists of 17 posts and 1700 comments that were published between Mach 2021 and March 2022. The thesis builds upon a theoretical framework constructed from Norman Fairclough's (1995; 2010) critical discourse analysis and Susan Herring's (2004; 2007; 2019) computer mediated discourse analysis to cast a wide net over the data, to better facilitate an exploratory form of research.

This theoretical framework will allow the thesis to better analyse discourse as it appears on digital platforms, as the thesis sees this as fundamentally different to face-to-face communication. I find a debate partially coloured by a sense of frustration and anger directed towards a system that appears not to represent the many members of the forum. I also find that while all the participants don't necessarily agree upon what the problem is, or even what the drug reforms are meant to be, the overwhelming majority agree that the current system does not work the way they all wish it did. I have in this thesis also concluded that there does indeed exist a tenancy of growing mistrust and argue for the need of further study on this field, especially on social media platforms like Reddit.

# 1 INNLEIING

---

## 1.1 AKTUALISERING

I antikkens Athen hadde ein fysiske forum kor engasjerte samfunnsborgarar kunne møte, og drive diskusjonar om ulike utviklingar som berørte bystatens mange interesser. Etterkvart som samfunnet utvida seg og folk vart spreidd utover større områder såg ein derimot at foruma vart mindre og mindre hensiktsmessige, og ein gjekk istaden over til aviser og seinare radio og tv, kor tematikk av interesse for allmenneiga vert publisert og diskutert. Det er ein av medias mange funksjonar i dag, ein funksjon eg vil påstå de utfyller forholdsvis godt. Samstundes er det nokre problem med tradisjonelle media. Fyrst og fremst er det i stor del opp til media sjølv å konkludere med kva som er av allmenn signifikans, og dei innehar på mange vis ei rolle av portvakt. For det andre har det vore vanskeleg for den engasjerte samfunnsborgaren å ta ei aktiv rolle i debatten på nasjonal skala. Dette har derimot vorte løyst av eit relativt nytt medium. Internettet spelar i dag rolla av antikkens forum, kor alle, teoretisk sett har moglegheita til å kaste sin stemme ut i rommet, og få ein respons og kanskje til og med ein (u)fin liten diskusjon.

Og mykje er det å diskutere. 2021 var eit ganske intenst år for mange, sjølv om me skulle sjå bort frå konstanten som var koronapandemien. Allereie fyrste uka inn i det nye året var det eit valdeleg forsøk på å velte myndigheitene i USA. 3 veker etter vert ei demokratisk vald regjering kasta ut i Myanmar, som kanskje vart meir kjent for ein litt spesiell treningsvideo, kor ein kunne sjå kuppet live. Ytterlegare fire land møtte same skjebne i løpet av 2021. International IDEA publiserte same år ein rapport om veksande trend innan autoritarisme gjennom heile verda, ofte med sterk støtte frå folket. I denne rapporten vert tillit mellom folket og deira representantar sett på som ein signifikant faktor for styrking av demokratiet, ein kvalitet som kan synes å være i fritt fall i enkelte land

(International IDEA, 2021). Svekkast tilliten til staten, svekkast staten, og detts moglegheit til å utføre sin rolle i tur. Eg vil presisere at eg ikkje nødvendigvis at Norge er farleg nære eit autoritært skifte i politikken, men det er uansett verdt å hugse at den norske velferdsstaten er fundamentalt eit tillitssamfunn (Bungum, Forseth, & Kvande, 2015).

Eg har sidan starten av 2021 observert den norske subredditen r/Norge. Ein subreddit er enkelt forklart eit underforum på den sosiale medieplattforma Reddit kor deltakarar deler og kommenterer på innlegg, ofte med eit spesifikt tema til grunn. r/Norge har til dømes Norge som tema, og det publiserast eit mangfald av ulike innlegg som har med Norge å gjere, om det er sport, kunst, kultur, nyhender eller politikk. Eg kjem til å gå litt nærare på dette i kapittel 4, kor eg ønskjer å gjere reie for fleire unike eigenskapar ved Reddit som sosialmedieplattform. Under mi observasjon av r/Norge har eg observert det eg meiner er teikn til ei vaksande trend til misstillit ovanfor ulike aspekt ved den norske staten, då spesielt i forhold til politi og politikkarar. Dette var ein trend eg meiar å ha observert i mange av de ulike debattane som gjekk føre seg på r/Norge i 2021, og det har tilsynelatande utvikla seg vidare i 2022. For denne oppgåva har eg vald å fokusere på debatten som oppstod rundt rusreforma, som var på den politiske agendaen i fyrste halvdel av 2021.

Rusreforma slik den vart presentert av Solbergs regjering i starten av 2021 ønskte ei avkriminalisering av brukardosar for alle rusmidlar, om det var cannabis eller heroin. Hensikta var å forsøkje tilby rusbrukarar eit betre tilbod for hjelp utan frykt for straffeforfølgning, samt redusere stigmaet rundt rusbruk. Dette forslaget var på ingen vis ei legalisering, noko det kan sjå ut til at folk på begge sider av saken ikkje nødvendigvis har fått med seg. Før eg byrja denne oppgåva såg eg blant anna etter statistikk som kunne fortelje oss noko om dagens haldningar ovanfor rus, i tillegg til rusreforma. Det viste seg å være mykje vanskelegare enn ein skulle tru, med tanke på

korleis stadig fleire nasjonar av internasjonal innflytelse no har starta prosessen å avkriminalisere eller til og med legalisere, lik Canada og diverse statar i USA. Kvifor er det tilsynelatande så få undersøkingar på dette her i Norge? r/Norge har nærmare 190 000 medlem, og det verkar for meg som eit godt utgangspunkt for å ta temperaturen på den norske folk.

Folk på sosiale medieplattformer lik Reddit verkar for meg å vakse stadig meir frustrerte. Denne frustrasjonen ser blant anna ut til å bygge på at løysinga for desse problema er så «enkle» og openberre. Berre avkriminaliser rusmidlar, dagens politikk fungerer *openbart* ikkje, so alt må da være betre enn det me allereie gjer. Berre kast politikarar som misbrakte pendlerboligane i fengsel, treng ikkje rettssak ein gong! Og desse strauprisane fikse me med ei kjøkkensaks og god lungekapasitet! Det er da så enkelt, så kvifor drar desse uduglege moralistane føtene mot ein uunngåeleg framtid? Sanninga er sjølv sagt at dette er komplekse problem som tek lang tid å faktisk hanske med, men når staten ikkje kan forklare på ein god og hensiktsmessig måte *kvifor*, gir det rom for tvil og mistillit. Det er dette denne masteroppgåva skal handle om. Tap av tillit.

## 1.2 PROBLEMSTILLING

Denne oppgåva vil være ein diskursanalyse av 17 innlegg med om lag 1700 kommentarar frå den norske subredditten r/Norge. Desse vil i hovudsak verte nytta for å illustrere ein raud tråd som går gjennom fleire innlegg i eit forsøk på å legitimere mitt ønskje for generalisering fenomena me ser i rusdebatten. Eg ønskjer svare til 3 problemstillingar:

- *Korleis ser debatt ut på r/Norge?*
- *Kven deltek i desse debattane?*
- *Stemmer mi overflatiske observasjon av veksande mistillit med det som framstår på r/Norge, og kva kan eventuelt konsekvensane av denne mistillita være?*

Det er per i dag for få studiar som søker å belyse samanhengen mellom diskurs og tillit, spesielt i kontekst av ein digital diskurs. Eg håpar og trur

denne oppgåva vil kunne være med å bidra til dette. Forhåpentleg vis vil denne oppgåva også kunne bidra til å vise at nettforum lik Reddit kan være fantastiske kjelder for forskning, då spesielt gjennom bruken av ulike formar for diskursanalyse.

### 1.3 **DETTE SKAL GJERAST**

Fyrste del av denne oppgåva vil være ein gjennomgang av det teoretiske rammeverket eg nyttar meg av, som er sett saman av Norman Faircloughs (2010; 1995) kritiske diskursanalyse, samt Susan Herrings (2019; 2007; 2004) datamedierte diskursanalyse. Eg vil her forsøkje gå gjennom aspekta ved desse teoriane som er nyttige for denne oppgåva, samt korleis eg håpar å bruke dei under analyse- og diskusjonskapittela.

Videre, i kapittel 3 kjem eg til å ta for meg mi metodiske tilnærming for denne oppgåva. Eg vil blant anna gjere reie for mi eigen familiaritet til tematikken som vil verte diskutert i oppgåva og potensielle fallgruver det kan føre til. Eg kjem også til å diskutere utvalet, korleis det vart vald, kvifor og potensielle svakheita med det. Eg skal også til å ta for meg eit digitalt reiskap eg har vald nytte meg av for denne oppgåva, kalla «the WayBack Machine», ein programvare utvikla av Internet Archives som skal bidra med å finne de mest relevante innlegga for oppgåva. Sluttvis ønskjer eg å gjere kort reie for korleis restriksjonar på oppgåva satt av Norges senter for forskingsdata har påverka utforminga av oppgåva, og korleis eg har forsøkt å løyse problem som har oppstått i lys av desse.

I Kapittel 4 kjem eg til å gå gjennom Reddit som plattform. Kva er Reddit, Kvifor brukar folk Reddit over andre sosiale medieplattformer, kven er det som brukar Reddit? Videre kjem eg til å gjere reie for enkelte særeigenskapar ved Reddit eg føler er viktige å vite om for å ha eit best mogleg grunnlag for å forstå signifikansen av enkelte funn i analysen. Kapittel 5 er analysekapittelet, kor eg kjem til å gjennomgå de ulike fenomen ein kan observere i utvalet ved bruk av kritisk diskursanalyse og datamediert diskursanalyse.

Videre i kapittel 6 vil eg komme til å forsøkje kombinere funna gjort i analysekapittelet og diskutere potensielle årsaker, samt eventuelle konsekvensar.

Sluttvis, i kapittel 7 vil eg gi ei oversikt over kva oppgåva har funne, kva eg har bidrege med, ein gjennomgang av problema med oppgåva samt forslag for vidare forskning.



## 2 TEORETISK RAMMEVERK

---

### 2.1 FAGLEG PERSPEKTIV OG TEORETISK GRUNNLAG

Ettersom dette i all hovudsak er ei utforskande oppgåve var det for meg sentralt å danne eit teoretisk rammeverk som kunne bidra til at eg kunne kaste det vidaste nettet mogleg for analyse av digital diskurs. I denne samanheng var det fleire problem eg var nøyd å ta høgde for når det kom til kalla teoriar eg burda leggje til grunn for mitt arbeid. Fokuset for denne oppgåva ligg på mange vis i de sosiale fenomenena som ligg *bak* teksten framfor den lingvistiske konstruksjonen i seg sjølv, og kritisk diskursanalyse er som kjent veldig godt egna for slikt.

Samstundes er det viktig å anerkjenne at diskurs ansikt til ansikt er fundamentalt forskjellig frå diskurs slik den vert gjennomført i digitale samtalar. Måten ein kommuniserer digitalt er på mange vis utanfor kritisk diskursanalyse originalt påtenkte hensikt. Til dømes er kritisk diskursanalyse stort sett påtenkt som ein analyse av tekst (Fairclough, 2010). Reddit er riktig nokk ein plattform kor det fåregår mykje kommunikasjon gjennom tekst, men det er ikkje utelukkande slik. Dagens digitale diskurs er prega av ei meir multimodal tilnærming. Me kommuniserer gjennom tekst, men også bilete, lyd, video, emojis, liker-klikk og digitale avatarar. Ein kan ikkje lenger definere tekst som den viktigaste forma for kommunikasjon slik ein tradisjonelt har gjort i diskursanalyse. Det vart difor viktig i danninga av eit fagleg perspektiv for denne oppgåva å forsøkje ta høgde for dette. Det var i søken av dette eg fann Susan Herrings (2019; 2007; 2004) datamediert diskursanalyse (DMDA). DMDA, lik de aller fleste formar for diskursanalyse, ser diskurs som grunnleggande multimodalt (Androutsopoulos, 2006). Det DMDA derimot tilbyr er å redusere viktigheita av tekst, verbalt eller skrifteleg til å være likestilt andre modular innan diskurs (Blitvich & Bou-Franch, 2019). Det er mitt håp at ved å kombinere kritisk diskursanalyse fokus på det som ligg bak teksten med DMDA sitt fokus på de multimodale aspekta ved digital

kommunikasjon, at eg kan generere eit teoretisk rammeverk som tillèt for ein god og hensiktsmessig analyse av digital diskurs slik den vert gjennomført på r/Norge.

## **2.2 KVA ER KRITISK DISKURSANALYSE?**

Kritisk diskursanalyse (KDA) er ein innflytelsesrik, tverrfagleg forskingrein samansett av fleire teoretiske og metodiske tilnærmingar designa for analysen av språk. Til tross for at desse tilnærmingane ofte har ulike mål og funksjonar, har de ein delt tanke om språk som sosial praksis, med eit fokus på systemisk analyse for å avdekke skjulte maktrelasjonar, samt ideologiar som ligg til grunn i diskurs (Johnson & Mclean, 2020). Fundamentalt er KDA interessert i analysen av strukturelle forhold av dominans, diskriminering, makt og kontroll slik de framstår i språk (Wodak, 2007). Når ein ser språk som sosial praksis inneberer dette at språk ikkje nødvendigvis har makt i kraft av seg sjølv, men heller som konsekvens av korleis språket vert nytta som maktinstrument av de som deltek i diskurs (Fairclough, 2010; Wodak, 2007). Her må me ta for oss makt. Makt og diskurs er på mange vis uadskillige då diskurs er eit ypparleg reiskap for å oppretthalde ujamne maktstrukturar (Fairclough, 2010; Wodak, 2007). Hensikta ved utviklinga av KDA var spesifikt å belyse, samt undersøkje nettopp korleis me gjer dette gjennom språkbruk. Måten deltakarar i ein sosial samhandling formulerer og presenterer seg sjølv, samt korleis andre tolkar og responderer fortel oss mykje om konstruksjonane og tolkingane av verkelegheita om ligg til grunn i debatten (Fairclough, 2010). På mange vis er det interessant å sjå diskurs i lys av de ulike ideologiane og definisjonane av verkelegheita som kjempar for dominans innan den aktuelle debatten. Det er nettopp dette aspektet ved KDA som er årsaka til at eg ønskjer å nytte meg av den som teoretisk rammeverk. Oppgåva søkjer å forstå de sosiale aspekta som gjennomsyrrer debatten rundt rusreforma slik den ser ut på r/Norge. For analysen i kapittel 5 vil det til dømes være aktuelt å sjå på eksistensen av ekkokammer og potensielle grobotnar for

ugrunna påstandar som vert teken som sjølvinnlysande sanningar. I tillegg er det til dømes interessant å sjå på korleis opposisjonelle haldningar vert respondert til av de dominerande grupperingane.

Mange formar for KDA legg enten eit implisitt eller eksplisitt fokus på å etablere ei kopling mellom mikro-, meso- og makronivåa innan diskurs (Johnson & Mclean, 2020; Fairclough, 2010). Forklart på ein annan måte er verbal og tekstkommunikasjon, altså mikronivåstruktur, ikkje berre av lokal signifikans, men er både underbygd av, samt underbyggjer makronivåstruktur, altså sosiale konstruksjonar (Fairclough, 2010). Desse tre nivåa kan plasserast inn i KDA på følgjande vis. Fyrst, på mikronivå ser me på den faktiske teksten. Kva er det som er skreve? Videre, på mesonivå ser me på korleis den originale kommentaren vert motteken av de andre deltakarane før me sluttvis, på makronivå forsøkjer forklare og utforske kva de to førre trinna kan fortelje oss om samfunnet. Måten me uttrykkar oss på i diskurs er direkte korrelert til korleis me oppfattar og forstår samfunnet rundt oss, og det er difor hensiktsmessig å tolke alle desse nivåa som produkt av einannan (Fairclough, 2010; Fairclough, 1995). Giddens teori rundt dualiteten av struktur kan være nyttig å tenkje over i denne konteksten. Det mest essensielle er i hovudsak ideen om at strukturane som fungerer som medium for sosial handling er også produktet av nettopp sosial handling (Sewell, 1992). Det essensielle ved denne tolkinga er at ein på ingen vis kan skilje lokal, personleg kommunikasjon (mikro) og den langvarige utviklinga av sosiale strukturar(makro) (Fairclough, 2010).

### **2.3 PROBLEM VED KRITISK DISKURSANALYSE**

Denne oppgåva nyttar seg som nemnd av *to* teoretiske rammeverk, og eg følar eit behov for å forsvare nettopp kvifor KDA ikkje strekk fullstendig til. Faktumet er at datamediet diskurs på mange vis er fundamentalt forskjellig frå «tradisjonell» diskurs. Den er ofte asynkron, manglar flyt, avhengig av ukjente algoritmar og er som oftast anonym til ein grad. På bakgrunn av

slike karakteristikkar er det behov for eigne reiskapar for å gjennomføre ein god analyse av datamedierte kommunikasjon (DMK) (Herring, 2007). I tillegg legg KDA slik Fairclough presenterer det ein særleg viktighet på det tekstuelle. Dagens sosiale mediaplattformer lik YouTube og Reddit er derimot sterkt prega av ein enorm multimodalitet som er minst like viktig å analysere som teksten sjølv. Dette er årsaka til at eg har vald å nytte meg av Susan Herrings (2019; 2007; 2004) datamedierte diskursanalyse, då spesielt med utgangspunkt i moderniseringa av DMDA ho føreslo i 2019.

## **2.4 DATAMEDIERT DISKURS ANALYSE**

Fairclough sjølv innrømmer at det eksisterer sterke argumenter for å modernisere KDA sin definisjon av «tekst», ved å inkludere nye former for modalitet og semiotikk under definisjonen (Fairclough, 2010). Eg trur at nettopp Susan Herrings (2019; 2007; 2004) datamedierte diskursanalyse (DMDA) kan bidra til å utvide definisjonen av det som er av vitenskapleg interesse innan KDA. Videre i dette kapitlet ønskjer eg difor forsøkje forklare kva DMDA var meint å ta hand om, kva det er i dag, og korleis dette vil påverke analysen i denne oppgåva. Eg kjem også til å gå gjennom Herrings forslag for særeigne faktorar ein kan analysere i ein datamedierte diskursanalyse.

Kort forklart er DMDA eit rammeverk som gir ein eit betre utgangspunkt for analyse av datamedierte kommunikasjon (DMK) ved å (1) sjå DMK som forskjellig frå ansikt-til-ansikt kommunikasjon (Blitvich & Bou-Franch, 2019), samt (2) ta høgde for den enorme multimodaliteten og semiotikken som ligg til grunn i DMK (Herring, 2019). Håpet er at ved å nytte Faircloughs kritisk diskursanalyse innanfor rammeverket av DMDA vil denne oppgåva betre kunne ta høgde for de mange modulane for kommunikasjon ein kan observere på r/Norge. Fundamentalt kan ein sjå DMDA som eit forsøk på forstå korleis me nyttar oss av multimodale og multisemiotiske resursar for å etablere identitet, ideologi og handling innan den digitale verda, sett i lys av den større sosiale verkelegheita (Blitvich & Bou-Franch, 2019). Det

viktigaste DMDA kan bidra med for denne oppgåva er derimot korleis den tillèt oss effektivt studere koplingane mellom interaksjon på mikro- og makronivå i kraft av DMK sin uttrykksrikdom og mangfald, konsentrert i utallige menneskelege opplevingar online (Vozgova & Afanasyeva, 2018).

Det skal poengterast at DMDA ikkje er ein enkelt metode eller teori, men heller ei tilnærming som opnar opp for friare bruk av diskurs- og DMK-teoriar (Herring, 2004). DMDA vart originalt utvikla i 1995, ein epoke dominert av interaktiv tekstbasert DMK, og har i lang tid nytta seg hovudsakleg av reiskap designa for analyse av tekst (Herring, 2019). I utgangspunktet søkte DMDA å være eit reiskap for analyse av blant anna netttforum, e-poster og de fyrste tekstbaserte flerspiller spelene lik «Multi-User Dungeons» (MUDs), kor brukarar kunne kommunisere mellom einannan i ein virtuell verden konstruert fullstendig gjennom tekst. Ein kunne med DMDA gjennomføre deskriptiv lingvistikk for å analysere innhaldet i denne nye forma for kommunikasjon. Gjennom 2000-talet utvikla forskinga seg ved å byrje sjå til lingvistiske variasjonar, betydning av sosioøkonomisk status, identitet på nett og andre sosiale faktorar (Blitvich & Bou-Franch, 2019).

Internettet har derimot utvikla seg sidan den tid. I 2004 kom YouTube og revolusjonerte publisering av videoar på nett og online fleirspeler spel lik Everquest (1999) tillot allereie på 90-talet for alternative måtar kommunikasjon gjennom digitale avatarar som kunne bevege seg og emotere i ein 3D virtuell verden. I dag, i den epoken me kallar web 2.0 har me sosiale medieplattformer som tillèt publisering av eit stort mangfald av formar for kommunikasjon på så enkelt vis som eit klikk med fingeren. Ein har emojis, gifs, memes og liker-knapper som kan nyttast for kommunikasjon av idear, tankar og følelsar utan behov for tekst. Reddit, det sosiale mediet som vert nytta i denne masteroppgåva tillèt eit mangfald av potensielle formar for kommunikasjon både i innlegget sjølv, så vel som

i kommentarane under i form av hyperlenker til eksterne nettsider, bilete og gifs i tillegg til ulike formar for tekstinteraksjon.

Det er under denne utviklinga av web 2.0 at DMK-forskarar lik Jannis Androutsopoulos (2006) byrjar føreslå nye måtar å tenkje på datamediert kommunikasjon (DMK). Blant anna vert det føreslått at ein skulle gå vekk frå eit fokus på mediumrelaterte mønster for språkbruk, altså korleis teknologien me nyttar oss for kommunikasjon sjølv har påverkar språkmønsteret. Tidlegare var det eit stort fokus på typisk «nettprat», lik «lol» (laugh out loud), «brb» (be right back) og «afk» (away from keyboard), språkbruk ofte nytta i DMK og som ofte vaks fram spesifikt på bakgrunn av restriksjonar ved DMK (Blitvich & Bou-Franch, 2019; Androutsopoulos, 2006). Konsekvensen av dette skiftet er at ein avviser teknologi som den determinerande faktoren for språkutvikling i DMK, og i staden for å sjå etter «typisk nettprat» erstattar det heller med kontekstuell og partikulær analyse av korleis ulike kontekstuelle parameter formar og er framkalla i diskursen av ulike typar DMK (Androutsopoulos, 2006; Blitvich & Bou-Franch, 2019). Karakteristikkar og restriksjonar som veks fram i e-post, forum, blogg og andre typar plattformer for digital kommunikasjon skal verte sett på som «... resources that particular (groups of) users might draw on in the construction of discourse styles in particular contexts» (Androutsopoulos, 2006, s.421)

Det er også under Web 2.0 at ein ser ein framvekst av det Herring kallar interaktive multimodale plattformer (IMP), essensielt digitale plattformer som fasiliterer bruken av to eller fleire semiotiske modus, lik tekst og grafikk, eller tekst og video (Herring, 2019). Det viktigaste aspektet ved IMPar, og det som gjer det vanskeleg å eksklusivt nytte seg av KDA er at kommunikasjon på IMPar er prega av kooperativ aktivitet, altså at brukarar nyttar seg av fleire ulike aktivitetar gjennom ulike semiotiske modus på same plattform (Herring, 2019). På Reddit, fokuset for denne oppgåva, har brukarar evna til å nytte seg av tekst, bilete, emojis, video, gifs og liker-klikk for å kommunisere med andre brukarar. Det er samspelet mellom

desse ulike formane for kommunikasjon DMDA er meint å hjelpe oss undersøkje og forstå, og IMPar tillet for direkte samanlikning mellom ulike kombinasjonar av semiotiske modus på ein og same plattform (Herring, 2019).

## **2.5 MULTIMODALITET OG MULTISEMIOTIKK**

Det er i lys av det nye fokuset på brukargenerert innhald og synet på internett som ein grunnleggande sosiale eining at Herring (2019) føreslår at ein ser på DMK som fundamentalt multimodalt og multisemiotisk. Heilt grunnleggande betyr det at me ikkje lenger treng fokusere utelukkande på kva som vert sakt, men også byrje vurder kroppsspråk på ein videokonferanse, eller kommunikasjonsverdien av eit bilete. Denne analysen vil ikkje komme til å dra nytte av alle formar for multimodalitet og multisemiotikk, då ikkje alle er like relevante. Fokuset vil ligge på tekst, liker-klikk og bruken av hyperlenker, altså lenker som dirigerer brukarar til andre, ofte eksterne sider på internett. Bruken av bildar er også aktuelt å diskutere, sjølv om det er på mange vis ein mindre del av debatten. I hovudsak vil fokuset ligge på å tolke de ulike formane av kommunikasjon deltakarane av debatten drar nytte av, og korleis de andre deltakarane av r/Norge generelt tolkar og reagerer på dette. Ettersom me tar utgangspunkt i KDA er det uunngåeleg å sjå på den kontinuerlege maktkampen som fåregår når det kjem til retten til å definere ein felles sosial konstruksjon ved bruk av alle Reddits formar for multimodalitet og multisemiotikk. Med dette meiner eg å leggje fokus på til dømes kva som vert godteke som akseptable måtar å formulere seg på, kva er den aksepterte karakteriseringa av de ulike gruppene i debatten og kva er det som veks fram som de dominerande haldningane.

Me kjem i kapittel 4 til å diskutere kort rundt Reddit sine algoritmar, og korleis innlegg vert dytta opp på framsida av r/Norge basert på ulike faktorar, slik at visse innlegg vert meir synlege enn andre. Sjølv om ein ikkje kan sjå kva individuelle brukarar har likt på Reddit, vil eg påstå at

mengda liker-klikk på eit innlegg eller kommentar like vel kan fortelje oss mykje om debatten i sin heilheit. Ein kan kanskje ikkje sei mykje om kva de individuelle deltakarane i det aktuelle innlegget meiner basert eksklusivt på liker-klikk, men ein kan danne meiningar om kva subredditten i sin heilheit meiner om tematikken. Kommunikasjonen er ikkje nødvendigvis direkte. Om eg legg ut eit innlegg, og det står at eg har 100 liker-klikk, veit eg ikkje om det er 100 som har likt innlegget, og ingen som har mislikt det, eller om det er 1000 som har likt det, og 900 som har mislikt det. Dette kjem som konsekvens av at Reddit berre viser den totale scoren til innlegget (karmascore), ikkje forholdet mellom mengda liker-klikk og mislik-klikk. Likevel opplevst dette som ein form for kommunikasjon, i det at de anonyme massane gir ein form for tilbakemelding på innlegget. Eg meiner dette er av særleg signifikans. Om ein ser til innlegg på nett, er det veldig uvanleg at eit innlegg eller kommentar har fleire kommentarar enn liker-klikk. På meir populære innlegg mangedoblar liker-klikkane antall kommentarar. Dette speglar til dels ein tommelfingerregel kalla «1% regelen». 90% berre observerer, 9% deltek i liten grad, og 1% står for majoriteten av innhald. Den eksakte prosent er ikkje nødvendigvis av signifikant, men heller ideen at den store majoriteten av brukarar berre forbrukar. Tidigare forskning på ulike nettsamfunn har funne liknande funn. Til dømes fann forskarar at 83% av deltakarane på eit radikalt jihadist forum aldri posta noko på de 6 månadane sidan forumet starta, og var for det meste nøgd med å berre observere, eller «lurke» som det i dag kallast (Awan, 2007). Liknande funn vart gjort i 2014, då ein studerte deltakingsmønster på 4 digitale helse sosiale nettverk, kor 74,7% av deltakarar aldri deltok, 24% deltok i liten grad, og 1,3% stod for majoriteten av innlegg (von Mierlo, 2014).

## **2.6 FASSETTERT KLASSIFIKASJON**

Herring konstruerte i 2007 eit fasettert klassifikasjonssystem for bruk innan datamediert diskursanalyse. Dette er meint å være de ulike faktorane ein kan sjå til under ein analyse av datamediert kommunikasjon, og ho skilar



mellom mediale og situasjonelle faktorar. De mediale faktorane Herring presenterer er *synkronitet/asynkronitet, granularitet, permanens, meldingsstørrelse, teiknsystem, anonymitet, private rom, filtrering, sitering, format* og *rekkefølge*, medan de situasjonelle er *deltakarstruktur, deltakarar, hensikt, emne, tone, aktivitet, normer* og *kode* (Herring, 2007). Ikkje alle desse faktorane er spesielt interessante å sjå på i kontekst av rusreformdebatten slik den føregår på Reddit eller r/Norge. Private rom er til dømes ikkje noko me ønskjer å sjå på i denne oppgåva, då me eksklusivt ønskjer fokusere på opne debattar. Difor har eg, i lys av både Reddits funksjonalliteter, samt det me ønskjer oppnå i denne oppgåva, vald meg ut ***permanens, meldingsstørrelse, multimodalitet, anonymitet, rekkefølge, deltakarstruktur, deltakarar, tone, og normar*** som de mest interessante faktorane for denne analysen. Eg ønskjer no kort gjere rede for kvar av desse. ***Permanens*** refererer til kor lenge individuelle innlegg og kommentarar er synlege på plattformen de vert publisert på. I tilfellet av Reddit kan ein slette både innlegg og kommentarar, men ein kan berre redigere kommentarar. Tittelen på innlegg kan ikkje redigerast. For denne oppgåva kan det være interessant å sjå i kalla grad individuelle brukar nyttar seg av desse funksjonane, og i kva samanheng. ***Meldingsstørrelse***, lik namnet tilseier, tar for seg kor store kommentarar plattformen tillèt, samt størrelsen på de faktiske kommentarane. Det kan være interessant å sjå på kor omfattande brukarar ønskjer å være når de kommenterer, og om det eventuelt er identifiserbare faktorar som spelar inn på lengda de veljar uttrykkje seg med. ***Multimodalitet***, slik diskutert tidlegare refererer til ein kombinasjon av 2 eller fleire ulike formar for kommunikasjon, lik til dømes ein video med undertekst. ***Anonymitet*** omhandlar i kalla grad brukarane er anonyme, og korleis dette påverkar deira handlingsmønster i diskursen. Blant anna har ein funne at anonymitet senker lista for å dele informasjon om ein sjølv. I vårt tilfelle kan dette til dømes være innrømming om eigen bruk av illegale rusmidlar. ***Rekkefølge*** tek for seg rekkefølga kommentarar vises. Etersom Reddit ikkje

nødvendigvis følgjer ein kronologisk, men ein algoryttmisk rekkefølge er det interessant å sjå kalla kommentarar som kjem nær toppen. **Deltakarstruktur** ser på antal (potensielt) aktive brukarar, om diskursen dominerast av nokre få, eller om deltaking er spreidd ut over mange ulike brukarar. **Deltakarar** beskriv den individuelle brukarens bakgrunn, ferdigheit og erfaring, kombinert med kunnskap, normer og interaksjonsmønster frå det analoge liv. Er det til dømes mange brukarar på r/Norge som har personleg erfaring med rus, og at dette kanskje fargar deira posisjon? **Tone** er meint å ta for seg tonen på diskursen. Altså, er den seriøs eller humoristisk, er den (u)formell? Slik innsikt kan til dømes bidra til å forstå aksepten av potensielle sosiale konstruksjonar. Det er fleire måtar å tolke **normer**. Måten som er mest aktuell for denne oppgåva er **normer for oppførsel**, eller nettetikett. Her er me mest oppteken av kva som vert sett på som (u)akseptabel oppførsel og måtar å formulere seg sjølv på.

## 3 METODE

---

Dette kapittelet vil ta for seg mi metodiske tilnærming for denne oppgåva. Fyrst kjem eg til å gjere reie for mine eigne meiningar når det kjem til rusdebatten. Eg har til beste evne forsøkt å være nøytral, å ikkje la mine eigne haldningar farge analysen, men eg kan på ingen måte være sikker i min suksess. Videre ønskjer eg ta for meg utvalet for oppgåva. Her vil eg gjere reie for kor utvalet er henta frå, samt forsøkje forsvare de relativt låge krave som ligg til grunn for utvalet. Videre vil eg ta for meg kva internettarkivet «the wayback machine» er, kvifor eg ønskjer å nytte meg av det, potensielle problem ved arkivet, samt korleis eg prøver å ta høgde for desse. Sluttvis ønskjer eg å snakke om min søknad til Norges senter for forskingsdata (NSD), og korleis stipulasjonar satt av denne avtalen har hatt ei innverking på analysen i oppgåva.

### 3.1 FAMILIARITET

Våren 2019 skreiv eg ei bacheloroppgåve om cannabis og tobakk (Betten, 2019). Det var ein analyse av korleis diskursen rundt desse to rusmidla hadde endra seg i den offentlege debatten de siste 15 åra. Blant anna dedikerte eg eit kapittel til den portugisiske ruspolitikken, som for meg såg ut som ein 20 år lang suksesshistorie. Kvifor snakka ingen om det? Norsk ruspolitikk har nemleg vore interessant for meg lenge. For meg verka det som om ruspolitikken ikkje hadde fått med seg straffereformene på 90-talet. At den hang igjen på 80-talet, for sta til å innsjå det eg såg som eit mislykka forsøk på ein 0-vision for rus i Norge. Rusen var her for å bli. Eg er på mange vis framleis der. Var det opp til meg ville rusreforma gått gjennom i 2021, men det var det (kanskje heldigvis) ikkje. Eg trur personleg ikkje dette har hatt ein stor effekt på min diskursanalyse av rusdebatten slik den gjekk føre seg på r/Norge, men det verker likevel uetisk å ikkje gjere reie for mine personlege sympati med det som opplevst som de mest aksepterte meiningane på r/Norge. Det er fare for at eg har vore meir kritisk ovanfor til dømes de kritisk til rusreform, eller at eg har

forsøk å overkompensere og vore for kritisk ovanfor de som stiller seg positiv til reform. Eg kan også ha komme til skade for å late mine eksisterande antakingar farge kalla fenomen eg fann var av signifikans, kva som var relevant for oppgåva, kalla utval som var mest interessante. Eg trur likevel at eg har klart å presentere eit gyldig bilete av korleis debatten faktisk ser ut på r/Norge.

### 3.2 **UTVAL**

Ettersom eg gjennomfører all analyse i denne oppgåva for hand, er det på mange vis sentralt å sette begrensingar for utvalet. Originalt ønskte eg for det meste å forhalda meg til de større innlegga, som hadde opplevd mest engasjement på subredditten, men konkluderte etter kvart mot dette. Ofte kan det som forblir usagt være like interessant som det direkte ytra (Fairclough, 2010). På same måte meiner eg det kan være interessant å ta for seg det som ikkje får like mange liker-klikk, eller elles ikkje oppnår noko særleg engasjement. Ved dette til bakgrunn, verka det litt for enkelt å ignorere mindre populære innlegg og er har difor inkludert enkelte innlegg eg har funne fram, som eg meiner har noko interessant å fortelje. Til dømes har eg berre inkludert 1 innlegg som stiller seg kritisk til rusdebatten. Dette er ikkje for at alle de andre som var kritiske ikkje passa inn. Det var fordi eg ikkje fann nokon andre som var kritiske. Reddit sin søkefunksjon er ikkje ideell når det kjem til å finne mindre populære innlegg.

Det vanskelegaste for oppgåva var ikkje nødvendigvis å velje kalla innlegg som kunne inkluderast, men heller kor mykje ein burde ha med. Spesielt vanskeleg var det med tanke på at eg skal gjennomføre all analyse for hand, utan bidrag frå maskinlæring eller andre formar for kvantitativ analyse. For denne oppgåva er det ikkje spesielt interessant kor ofte ordet rus vert nytta, eller eksakt kor mange individuelle brukarar som tek del i diskurs rundt rus. Det er tross alt ingen fasit for kor mykje data ein treng for å gjennomføre ein gyldig analyse, men ettersom eg i denne oppgåva ønskjer å oppnå ein viss form for generalisering, i alle fall for r/Norge følte eg eit behov for å ta

utgangspunkt i ein relativt stor mengde data. Totalt sett ser eg i denne oppgåva 17 innlegg med omlag 1700 kommentarar spreidd utover perioden mars 2021 til mars 2022.

### 3.3 THE WAYBACK MACHINE

Eit stort problem for denne oppgåva var å finne ein god måte å finne fram til relevante innlegg. Reddit har ein søkjefunksjon, men den er ikkje nødvendigvis blant de mest robuste. Ein må være forholdsvis presis i sitt utval av søkjeord, då det å til dømes søkje etter «rus», ikkje nødvendigvis viser oss søkjerresultat med namn som inkluderer **rusdebatt**, **rusreform** eller andre liknande samansette ord. Samstundes er søkemotoren litt tilfeldig, då den *av og til* veljar å inkludere samansette ord like vell, utan at noko eigentleg har endra seg. I tillegg, om eit innlegger relevant for rusdebatten ikkje inneheld nokon av de vanlegare orda, lik rus, rusreform, rusdebatt osv, er det veldig vanskeleg å finne fram til de. Difor har eg vald å nytte meg av eit digitalt reiskap kalla «The Wayback Machine» (WBM), som kan hjelpe meg sjå tilbake i tid, og observere korleis r/Norge såg ut bak i tid.

#### 3.3.1 Korleis fungerer WayBack Machine?

«The WayBack Machine» er eit digitalt arkiv grunnlagt av Internet Archive i 1996, som har som oppdragserklæring å dokumentere og arkivere verdensvevet i sin heilheit (Internet Archives, u.å). Ved hjelp av denne reiskapen kan ein sjå eit mangfald nettstadar på ulike tidspunkt gjennom arkivets historie. Til å starte med opererte WBM med programvaren Heritrix, ein open kjelde «web crawler» som er fri for andre å modifisere og nytte seg av. Denne «kryp» rundt på internettet, og tek augneblinksbilete av «alle» offentleg tilgjengelege nettsider (Internet Archives, u.å). I dag nyttar WBM seg av eit mangfald ulike «web crawlers» (botar) utvikla av ulike interessegrupper, i eit forsøk på å arkivere so mykje som mogleg av internettet. Ein bot er ein programvare som opererer på internettet, som er koda til å gjennomføre repeterande oppgåver. Blant anna eksisterer det botar som folk har koda til å automatisk leita fram sider som enda ikkje har

hatt nokon bilete teke, og syte for å lagre minst eit bilete. Resultatet av dette er at ein i dag har eit mangfald augneblinksbildar frå fleire millionar unike nettsider som me kan nytta oss av for analyse. Til dømes, om ein går til «<https://archive.org/web/>» og tastar inn BBC.com i søkefeltet kan ein gå tilbake til 2 desember 1998 og sjå korleis BBC si nettside såg ut klokka 21:26, når augneblinksbilete vart teken. Per 2020 held Internet Archives på om lag 70 petabytes med informasjon, og arkivet er i eksponentiell vekst (Torrone, 2020).

For denne oppgåva vil WBM for det meste verte brukt som eit biletalbum for å hjelpe meg finne fram til interessante innlegg, då Reddit sine eigne søkefunksjonar ikkje alltid er like enkle å arbeide med. Måten eg har nytta meg av WBM var ved å starte med 1 mars, 2021, og ta det dag for dag. Det bør nemnast at eg ikkje gjekk gjennom alle 365 dagane i året, ettersom WBM ikkje har bildar frå kvar einaste dag. Eg forsøkte også å nytte meg av WBM for å sjå kommentarar som i ettertid har vorte sletta, men i samlege tilfelle klarte eg ikkje finne tilbake til den originale kommentaren. Eg har tru på at denne reiskapen har bidrege til at eg har fått gjenngitt eit så realistisk bilete av korleis debatten rundt rusreforma såg ut på r/Norge.

### **3.3.2 Problem ved bruk av WayBack Machine**

Samstundes er det viktig at me kort diskuterer de ulike svakheitene ved å nytte seg av WBM som reiskap for val av utval for denne oppgåva. Reddit har, lik mange andre sosiale medier ein funksjon kalla «infinite scrolling», eller «uendeleg scrolling». Det dette vil sei er at etter kvart som ein blar nedover nettsida, vil den gjennomføre kontinuerleg oppdateringar, slik at ein aldri når botn av sida, og aldri må laste ei heilt nye side. Konsekvensen av dette når me nyttar oss av WBM er at augneblinksbilda ikkje makter å vise meir enn de om lag topp 10 innlegga det eksakte augneblinken bileta vart teken, då botane ikkje innehar ein funksjon for scrolling, og tek i staden berre eit bilete av det som vert direkte lasta inn når den besøkjer nettsida.

I tillegg er det viktig å nemne at me ikkje nødvendigvis veit kvifor eit aktuelt augneblinksbilete vart teken. Om ein har ein brukar på Archive.org kan ein

sjølv laste opp bilete om ein skulle ønskje, og algoritmane de mange botane følgjer er på mange vis fullstendig uvisst for allmennheita. Me veit at aktiviteten på ei side spelar ei rolle, men det er ikkje det einaste kriteriet (Internet Archives, u.å), og ettersom alle andre variablar er og forblir ukjente har eg vald å ikkje leggje for mykje tankar inn i kvifor bileta vart teken. Til dømes, søkar me etter r/Norge på WBM kan me sjå fleire fenomen som ikkje nødvendigvis er så enkle å forklare. I Figur 1 og Figur 2 kan du sjå to illustrasjonar av mengda augneblinksbilete som vart teken av r/Norge i 2019 (Figur 1) og 2021 (Figur 2). Du kan sjølv finne fram denne illustrasjonen ved å søkje «[www.reddit.com/r/Norge](http://www.reddit.com/r/Norge)» på WBM. Ein blå sirkel indikerer at eit augneblinksbilete vart teken, og størrelsen av sirkelen indikerer antall augneblinksbilete som vart teken den aktuelle dagen. Som ein kan sjå er det fleire merkverdige fenomen ein kan observere. Fyrst og fremst kan ein sjå at det vart teken langt fleire bilete i 2021 enn 2019. Dette kan truleg til dels forklarast med at r/Norge har fått om lag 90 000 nye medlem sidan 2019. Samstundes kan me sjå i Figur 1 at de aller fleste bileta vart teken mellom januar og mai, medan Figur 2 viser at de fleste bileta vart teken mellom mai og desember. Om ein svever musa over sirklane, kan ein sjå nøyaktig kor mange augneblinksbilete som vart teken på ein dag. Gjer ein dette kan ein sjå at det i januar 2019 vart teken 35 augneblinksbilete, medan det i 2021 i same periode berre vart teken 16. Dette kan lite sannsynleg forklarast utelukkande basert på mengda trafikk til sida. Kanskje er det enkeltpersonar som tok det som eit personleg oppdrag å lagre de spesifikke dagane? Kanskje vart augneblinksbileta teken heilt tilfeldig. Me veit ikkje.




Figure 1  
2019




Figure 2  
2021



### 3.4 SØKNAD TIL NORGES SENTER FOR FORSKINGSDATA

Når ein skal gjennomføre ei masteroppgåve er det sjølvsagt viktig å sende inn ein søknad til Norges Senter for Forskingsdata (NSD), og når ein, lik i denne oppgåva, nyttar seg av data generert av andre menneskjer som ikkje veit at dei vert analysert vert det desto viktigare for å være sikker at ein overheld alle lover og reglar. Eg sendte originalt inn ein søknad 22 september, 2021, og etter litt fram og tilbake fekk eg godkjent prosjektet 14 desember 2021. Eg har lagt vurderinga i vedlegg 1 på slutten av oppgåva. Store delar av oppgåva var nøyd å verte endra som konsekvens av NSD si vurdering av prosjektet, og eg følar det difor hensiktsmessig å diskutere nokre av desse før me kan gå vidare.

Når eg originalt byrja arbeide med denne oppgåva var det viktig for meg at eg berre nytta meg av kjelder som var opne for allmenheita. Antakelsen var den at om den sosiale arenaen var open, og deltakarane var klar over dette då de publiserte innhaldet sitt ville det være uproblematisk å analysere dette innhaldet. På mange vis sidestilte eg mi analyse av sosiale mediainnlegg med analyse av kunst eller avisartiklar på bakgrunn av at desse innlegga og kommentarane opplevst for meg som grunnleggande offentleg. Innlegga er tross alt tilgjengeleg for alle og ein kvar uavhengig om de har ein brukar på Reddit elle ikkje. Samstundes tenkte eg også at om den sosiale arenaen kor debatten fåregår var tydeleg eit opent, offentleg tilgjengeleg forum, ville det være relativt uproblematisk å arbeide med materialet. I ettertid er det tydeleg at dette var ein forholdsvis naiv tilnærming. Det største problemet var sjølvsagt at eg hadde kategorisert Reddit-brukarnamn som anonyme. På sett og vis er dette riktig då ein i de aller fleste tilfelle ikkje vil kunne finne ut kven nokon er i den verkelege verda utelukkande ved bruk av brukarnamna deira. Samstundes var det tydeleg at eg ikkje hadde verdsett de potensielle konsekvensane for deltakaranes virtuelle liv. NSD var derimot raske til å korrigere denne forståinga, og det vart gjort klart til meg at eg var nøyd å gjennomføre ein kontinuerleg anonymisering av deltakarane. Den største konsekvensen av

dette er at eg ikkje kan direkte referere til de konkrete innlegga eg nyttar meg av for å gjennomføre analysen, då det på mange vis vil gjere det forholdsvis meiningslaust å anonymisere om eg like vel skal vise til det konkrete innlegget. Eg håpar like vel at eg har klart å ta høgde for dette ved å nytte meg av anonymiserte skjermbilete, samt å vise korleis eg fann innlegga. I de tilfelle eg nyttar meg av skjermbilde for å belyse poeng under analysen vil alle namn være anonymisert lik følgjande mønster: Anonym1, Anonym2, Anonym3 osv. Eg kjem også til å nytte meg av «inspect» funksjonen til Mozilla Firefox for å parafrasere de eigentlege kommentarane i eit forsøk på å sikre brukarane sin anonymitet. Det er også verdt å informere om at alle bileta som nyttast i denne oppgåva er skjermbilda eg tok ved bruk av Gyazo, ein open-kjelde programvare som gjer det enkelt å ta ferdig kutta skjermbilda. Årsaka for dette er at den tillèt meg ta skjermbilda utan at potensielt personleg informasjon vert lagra på min personlege datamaskin, eller Gyazo sine egne serverar. Det einaste eg har lagra i løpet av produksjonen av denne oppgåva er hyperlenker til 35 forskjellige redditinnlegg frå r/Norge. NSD er informert om at dette er tilfellet.

## 4 REDDIT

---

Dette kapitlet vil ta for seg Reddit som plattform, for å kartleggje visse særeigne karakteristikkar eg vurderer som essensielle for å forstå korleis analysen seinare i oppgåva vil verte gjennomført. Eg kjem difor fyrst forsøkje forklare *kva* Reddit er, samt *kvifor* folk brukar denne sosiale plattformen framfor andre. Videre ønskjer eg gjere reie for vanskelegheita ved å definere ein definitiv demografi for nettsida. Eg kjem også til å forsøkje gå gjennom nokon av de viktigaste funksjonalitetane ved Reddit, deriblant subreddittar, kommentarar og karma. Sluttvis kjem eg til å gå gjennom r/Norge og potensielle særeigenheiter ved denne spesifikke subredditten som kan være verdt å ha i bakhovudet før me byrjar sjølve analysen i kapittel 5.

### 4.1 KVA ER REDDIT?

Reddit er ein sosial medieplattform, grunnlagt i 2005, som fasiliterer dannelsen, samt vedlikehald av eit enormt mangfald av ulike nettforum, heretter kalla subreddittar, for eit bredt spekter av interesser. På mange vis vil det være meir riktig å beskrive Reddit som ei oppslagstavle, kor de mest populære innlegga frå de ulike subreddittane kjem til syne, samt at ein kan organisere sin eigen private oppslagstavle basert på eigne interesser. Per oktober 2021 var Reddit rangert som den 20 mest besøkte nettsida i verda, og det 5 mest besøkte sosiale mediet (Dean, 2021), med om lag 234 millionar unike brukarar (Similarweb, u.å). USA står for majoriteten av datamaskintrafikken (omlag 47%), medan Norge står på ein respektabel, og overraskande 13.plass, med omlag 0.9% av trafikken, og er rangert som den 25 mest besøkte nettstaden i Norge (Similarweb, u.å). Til tross for at det er eit nettsamfunn av betydeleg størrelse, er det viktig å sjå det i forhold til andre sosiale medier i Norge. Twitter og Facebook, som kan argumenterast er Reddit sine største konkurrentar, er nummer 11 og 4 respektivt. Eg kjem til å forklare kvifor eg har vald å gå til eit mindre nettsamfunn seinare i oppgåva, då eg meiner Reddit eignar seg betre for ein

analyse av diskurs. Faktumet er uansett at Reddit er ein betydeleg aktør i verda av sosiale medier, og eg har tru på at det er mykje lærdom i å sjå litt nærare på nettsamfunnet.

## 4.2 KVIFOR BRUKAR FOLK REDDIT?

Det er to eigenskaper ved Reddits kultur som i stor grad skilje nettsida frå mange andre sosiale media. Fyrst og fremst har ikkje Reddit ein funksjon for å følgje individuelle brukarar, liknande «venner» på Facebook, å følgje nokon på Twitter eller abonnere på ein konto på YouTube. I staden kan ein verte medlem av subreddittar som omhandlar tematikk ein finn interessant, relevant eller underhaldande. Medlemskap i ein subreddit har berre ein funksjon. Når ein melder seg inn vil nokon av de meir populære innlegga frå den dagen vises på heimesida til brukaren. Ein treng ikkje medlemskap for å lese, publisere, stemme og kommentere på innlegg. Det eksisterer subreddittar som omhandlar individ, samstundes som det finnes grupperingar på andre sosiale media for spesielle interesser. Likevel er det ein forholdsvis stor differanse ved måten Reddit fungerer samanlikna med andre sosiale medieplattforamar. Om eg går til Norges Narkotikapolitiforening (NNPF) si Facebook-side er det utelukkande NNPF som kan publisere innlegg, så kan følgjarar kommentere. I tillegg, og dette er kanskje den største forskjellen mellom Reddit og andre sosiale medieplattformar, det originale innlegget er på mange vis hovudpoenget ved å delta i gruppa. På Reddit er det ikkje det originale innlegget som folk søker, men heller kommentarane som ligg under (Hubner, McKnight, Sweitzer, & Bond, 2020). Det originale innlegget fungerer altså ofte meir som ein samtalestartar mellom kommentatorane på Reddit.

## 4.3 REDDIT OG ANDRE SOSIALE MEDIA

Som nemnd tidlegare i oppgåva er ikkje Reddit den største sosiale medieplattforma i Norge, og eg føler difor det er viktig at eg forklarar kvifor det i denne oppgåva blir satt fokus på Reddit, framfor til dømes Twitter og

Facebook. Det er mi meining at Reddit som plattform eignar seg betre for diskusjon enn andre, større sosiale medieplattformer. Det største aspektet har med korleis ein finn debatten. På Reddit abonnerer ein essensielt til ein tematikk, samt at det er få til ingen barriere for observasjon av subredditten. Både Twitter og Facebook krev fyrst og fremst at ein lager seg ein brukar. Twitter har hashtaggs (#), som kan til dels brukas for å følgje ein debatt, men ein er i hovudsak då avhengig av å finne nokon som snakkar om det, og gir ikkje tilgang til de innlegga som ikkje nyttar same hashtag. Facebooks grupper kan på mange vis samanliknast med ein subreddit, men problemet ein støytar på her er at de (1) ofte krev at ein søker til moderatorar for medlemskap, samt at (2) Facebook har som reglement, og kultur at brukarar skal operere under fullt namn, og dette kan påverke kor aktive deltakarane av ein debatt ønskjer å være, når namnet deira plutseleg vert direkte assosiert med deira ytringar online.

Reddit sine kommentarfunksjonar er også etter mi meining betre egna for debatt. Alle de tre store sosiale medieplattformane nyttar seg av algoritmar for å vise fram de mest populære/aktive kommentarane basert på antall replikkar til den originale kommentaren, likes og i både Facebooks og Twitters tilfelle, kven du allereie følgjer. Det som er ulikt, og som eg meina er sentralt for ein betre diskusjonsoppleving, er at det er betydeleg enklare å følgje eit fleirtal diskusjonar i same kommentartråd ettersom Reddit gjer det visuelt tydelegare kven eksakt ein svarer til. På Twitter og Facebook vil alle replikkar til den originale kommentaren vere på same rad. Ønskjer ein å følgje debatten vidare i tråden må ein trykke seg inn via ekstra ledd for kvar kommentar. Med Reddit sitt design av kommentarfeltet er det derimot for min del mykje enklare å følgje ein debatt, då det er både visuelt tydelegare, og tillèt ei lengre rekke av replikkar.

Det er også verdt å ta for seg karaktergrensa på Twitter. Facebook og Reddit har ei grense på 63 206 og 40 000 karakter, medan Twitter berre tillèt eit maksimum av 280 per innlegg. Om brukar ønskjer publisere eit lengre innlegg markerer de ofte dette med å skrive «Tema – ein tråd», eller

avsluttar innlegget med «1/?». Dette *kan* bidra til at kommentatorar kan enklare kommentere det eksakte utsegna de ønskjer kommentere, men brukaropplevinga er suboptimal samanlikna med de to andre plattformene. Samstundes gjer det det vanskelegare for observatørar å følgje debatten, spesielt om replikken også har behov for å gjennomførast som ein tråd. Samstundes vil eg sei at ekstremt få av de 1700 kommentarane eg har analysert for denne oppgåva kom nokon gong nær 40 000 karakterar.

#### 4.4 DEMOGRAFI

Det har vist seg å være særst vanskeleg å generere mykje konkret data om Reddit sin demografi, då nettsamfunnet ikkje krev brukarar å opprette ein konto for å sjå innhald, og ønskjer ein å poste innhald, kommentere eller stemme, treng ein ikkje gi frå seg nokon form for personleg informasjon. Verken namn, økonomisk informasjon, nasjonalitet eller alder krevst dokumenterast, og til tross for at aldersgrensa for nettsamfunnet er 13 år, med moglegheita for individuelle subreddittar å etablere 18+ grense, er det ingenting som stoppa ein frå å lyge om eins eigen alder. På bakgrunn av dette er det særst vanskeleg å sei for mykje om den «typiske» redditbrukaren. Litt informasjon har ein likevel. Statista gjennomførte i 2022 ein spørjeundersøking for å forsøkje kartleggje brukarane av sida, og deltakarane var 16-64 år gamle. 64% av desse brukarane var menn (Statista, 2022). Ei tidlegare spørjeundersøking viser også at sidas største aldersgruppe i USA er 18-29år, med omlag 36% av brukarbasen, følgt av 30-49år (22%), 50-64år (10%) og 65+ år (3%) (Statista, 2021). Det er verdt å nemne at tall frå Storbritannia 2020 ser litt ulikt ut, med ein brukarbase over 56 år på omlag 1%, så tala er litt forskjellig frå de me ser i USA. Likevel ser ein framleis ei stor overvekt av yngre brukarar, og det er difor naturleg å tenkje seg at tala er liknande for norske brukarar. Eg har difor i denne oppgåva basert meg på at den erketypiske norske redditbrukaren antakeleg vis er mellom 20 og 35år. Videre har Statista (2022) gitt tal på utdanningsnivået til Reddits brukarar i USA, kor de med

fullført bachelorgrad eller høgare stod for den største gruppa (26%), følgt av de med litt erfaring med vidare utdanning (20%), med de med vidaregåande eller lågare med den minste gruppa (9%). Dessverre har det vist seg vanskeleg å få data av meir presisjon for eit europeisk markedet, og det ein kan berre anta storleika på Reddits brukarbase på verdsbasis, so vel som i Norge. Når det er nemnt vil denne oppgåva gå utifrå, og argumentere for at den erketyperiske norske redditbrukaren er ein mann mellom 20-35år, med fullført vidare utdanning.

#### **4.5 KARMA**

Eit anna designval som kan ha ei innverking på kalla kommentarar som får liker-klikk er det Reddit kallar "karma". Karma er i grunn poeng ein brukar opparbeider seg ved å få liker-klikk på kommentarar og innlegg, og for nokre går det sport i å opparbeide seg mest mogleg. Det er difor veldig vanleg at de øvste kommentarane er av ein låg kompleksitet, og gjerne morosame. Det eg meiner med dette er at du sjeldan ser ein kommentar på toppen av kommentarkjeda som nyttar meir enn 1-3 setningar, med lett forståeleg språk. Gjennomtenkte og nyanserte kommentarar av litt lengde når sjeldan toppen, sjølv om det sjølvsagt hender. Det skal seiast at det er litt variasjon avhengig av kalla subreddit ein ser på. Til dømes, om ein går til r/Science, ein subreddit dedikert til å diskutere vitskap, er det mykje meir vanleg å sjå kommentarar med ein meir kompleks syntaks og ordbruk nær toppen, og med relativt høge nivå av engasjement (Hubner, McKnight, Sweitzer, & Bond, 2020). Det er eit par interessante aspekt ved dette som vil være interessant når me seinare startar analysa for denne oppgåva i kapittel 5

#### **4.6 SUBREDDIT**

Eg har allereie i denne oppgåva referert fleire gongar til subredditar, og ein har kanskje summert at dette effektivt er underforum. Det er derimot fleire ting eg føler er viktige å forklare ved desse. Fyrst og fremst er det viktig å vite at Reddit sjølv ikkje har stor innflytelse over nokon av de om lag 3

millionar subreddittane forutanom r/announcement, som er kor Reddit sine administratorar publiserer informasjon for heile nettsida, lik til dømes oppdateringar av vilkår (Terms of service). I yters få tilfelle går Reddit sine egne administratorar inn i individuelle subreddittar for å utøve nokon form for makt. Reddit sine administratorar har makt til å sette subreddittar i karantene, altså at ein må aktivt søkje opp subredditten for å finne den, og ein vil verte møtt med eit varsel om at denne subredditten tar del i aktivitet som vil virke ekstremt støytande for «... the average redditor» (Reddit, 2021). Ein må også ha ein brukar med ein godkjent e-post for å få tilgang til desse subreddittane. I de verste tilfella kan ein administrator slette ein subredditt fullstendig. Dette skjer stort sett med subreddittar som gjentatte gongar bryt med Reddit sitt reglement for innhald, eller ved grove, oftast kriminelle handlingar.

Det er brukarane sjølv som dannar desse subreddittane, og det er veldig få reglar for kva desse subreddittane skal handle om. Mange av de meir populære subreddittane er relativt generelle, lik til dømes r/AskReddit med sine 34 millionar medlem, kor brukarar kan publisere eit spørsmål om kva som er favorittsangen din, eller kvifor tidlegare homofobar endra meininga si. Andre subreddittar kan være meir spesifikke, lik r/Pareidolia med sine om lag 550 000 medlemar, som er dedikert til publiseringa av bildar av ting som ser ut som ansikt. Kort fortalt kan det eksistere ein subredditt for nær all tematikk, frå r/Pics til r/Birdswitharms (som forøvrig begge er akkurat det det høyrer ut som).

De «beste» subreddittane syt for å ha ei aktiv gruppe med moderatorar som kan oppretthalde de individuelle reglane kvar subredditt sett for seg sjølv, samt reglementet Reddit sett for heile sida. Desse moderatorane er stort sett frivillige og ubetalte, og opererer som de einaste portvaktene for kva som blir publisert. Desse moderatorane har moglegheita til å blokkere brukarar, fryse eller slette kommentarfelt og til og med slette heile innlegg.



De kan også feste spesifikke innlegg og lage samletråder, altså innlegg designa for å minimere antall innlegg som tek for seg same diskusjonen. Til dømes er det vanlig å lage ein samletråd når det hender noko stort innafor den spesifikke subkulturen subredditten tek for seg, lik til dømes at det kjem ut ein ny episode i ein populær serie.

#### **4.7 R/NORGE**

Eg må sjølv sagt også forklare kvifor nettopp subredditten r/Norge vart vald ut som fokuset for denne oppgåva. Det er tross alt mange subreddittar som tek for seg rus og ruspolitikk (t.d. r/trees & r/addiction), men desse tar sjeldan for seg debattar relevant for den norske rusdebatten. Ein har også subredditten r/ruspolitikk, etablert i 2015. Problemet med denne subredditten er derimot at den per februar 2022 har 804 medlem, med det mest populære innlegget på 65 liker-klikk og 2 kommentarar. Debatten er mykje meir livleg i r/Norge, med sine 190 000 medlem, til tross for at det også diskuterast andre tematikkar. Det skal derimot seias at innlegg spesifikt relatert til rusdebatten for det meste døde ut rundt juli-august, men tematikken kjem ofte opp i andre debatter, og debatten fekk til dels nytt liv i byrjinga av 2022.

r/Norge er ein norsk subredditt for alt som har med Norge å gjere. All kommunikasjon fåregår hovudsakleg på norsk, men svensk og dansk er også tillat. For engelsk kommunikasjon vert ein dirigert til r/Norway. På r/Norge deler deltakarar innlegg som omhandlar alt mogleg som kan assosierast med Norge, om det er noko nytt om kongefamilien, eller nokon som laga seg sin eigen ostehøvel. Mange av innlegga er prega av ein stor grad av multimodalitet, med mange bildar, memes, videoar og gifs, ofte heimelaga til den hensikt å starte ein diskusjon om eit eller anna, lik til dømes rusdebatten, men også berre for å vise noko de syns var morosamt. Det er om lag 1-2000 medlemmar online til ei kvar tid, og i tilfelle det hender noko stort, lik eit stortingsval kan talet vekse dramatisk. Til vanleg vil innlegg som ligg øvst på subredditten ha relativt variert nivå av

engasjement, med mellom 5 liker-klikk og 200, og 2 kommentarar til ~150. Innlegga øvst på sida er sjeldan meir enn 12 timar gamle. Dette er forøvrig berre eit estimat basert på mine observasjonar de siste året, då det ikkje eksisterer nokon faktiske tall på dette til min kunnskap.

## 5 ANALYSE

---


I dette kapitlet ønskjer eg å gjennomføre ein analyse av innlegga og kommentarane diskutert i kapittel 3. Dette vil i all hovudsak være i lys av Susan Herrings (2019; 2007; 2004) datamedierte diskursanalyse og hennar faktorar som vart diskutert i kapittel 2. Eg har som nemnd vald meg ut 9 faktorar som eg har tru på at vil best svare til problemstillingane for oppgåva, samt at eg har inkludert eit eige delkapittel for å snakke om alkohol, då eg opplevde dette som ein forholdsvis stor del av diskusjonen. Eg kjem fyrst til å ta for meg permanent, kor eg kjem til å snakke om korleis deltakarane av r/Norge nyttar seg av Reddits ulike funksjonalitetar relatert til sletting og redigering av innlegg, samt kva dette kan fortelje oss om diskursen på subredditten. Videre kjem eg til å ta for meg tonen og normene som dominerer på r/Norge. Deretter følgjer eg opp med å sjå på nokre av de multimodale aspekta ved debatten, og ønskjer blant anna sei noko om nokre overraskande funn relatert til ein tilsynelatande redusert bruk av memes og andre formar for kommunikasjon etter kvart som debatten utviklar seg. Etter dette vil eg ta for meg meldingsstørrelse, og snakke om funna eg har gjort ved å sjå på lengda deltakarane av r/Norge nyttar seg av for å kommunisere, og konsekvensar som kjem av lengre kommentarar. Dette vil bli følgd av eit delkapittel om anonymitet, og korleis dette ser ut til å påverke diskursen. Det siste av Herring (2019; 2007; 2004) eg ønskjer nytte meg av er deltakarstruktur, deltakarar og rekkefølge, som eg har kombinert under eit delkapittel då de på mange vis heng saman, samt forsterkar effekten av kvarandre. Her ønskjer eg kort kartleggje 3 ulike grupperingar som deltek i debatten, samt korleis dette har ein effekt på deltakarane og korleis innlegg og kommentarar vert rangert. Sluttvis ønskjer eg å ta for meg korleis alkohol vert inkludert i debatten, då dette er blant de mest tydelege diskusjonspunkta i debatten, og det føltes hensiktsmessig å gi det eit eige delkapittel for å dra fram nokre poeng som er av særleg interesse for diskusjonen i neste kapittel.

## 5.1 PERMANENS

Når me snakkar om permanens er det fleire aspekt som kan være interessante. Lat oss fyrst sjå til den mest sjølvsgatte, kor permanente er faktisk kommentarane i innlegga? Av de om lag 1700 kommentarane som vart analysert i denne oppgåva var det berre omlag 30 kommentarar som var sletta under analyseperioden. I samlege tilfelle forsøkte eg nytte meg av WayBack Machine for å sjå kva den originale kommentaren kunne være, men oppnådde aldri suksess med dette. Det såg ikkje ut til å nødvendigvis være ein samheng mellom negativ karmascore og om kommentaren vart sletta, og nokre av de sletta innlegga såg ut til å hatt ein humoristisk vinkling. Det skal derimot nemnast at mange av tilfella verka å ha vore forårsaka av eit mogleg tap av ansikt i ein debatt med andre brukarar slik illustrert under. Eg minnar om at alle kommentarane avbilda i oppgåva er parafraserte ved hjelp av Mozilla FireFox sin inspect-funksjon.



Bilde 1



Bilde 2


Bilde 1 og 2 tek for seg ein del av ein samtale mellom Anonym1 og [deleted] under eit innlegg om at PST hadde stengt ned eit digitalt marknad for narkotikasal. Det er vert å merkje seg at [deleted] er det Reddit viser når brukaren sjølv sletter kontoen. [slettet] betyr at brukaren sjølv sletta kommentaren. I bilde 1 kan me sjå den originale kommentaren som startar samtalen. Me kan sjå at Anonym1 argumenterer for legalisering av det digitale markedet som vart stengt ned og heller hjelpe de som slit med misbruk framfor å forsøkje ta de. Mellom opp- og nedpila kan du sjå talet 68. Det betyr at kommentaren har ein karmascore på 68, altså at 68 fleire personar har gitt kommentaren ein liker-klikk enn negative klikk. Under dette ser du ein sletta kommentar frå [deleted]. Me veit ikkje nøyaktig kva brukaren kommenterte, men ved å sjå på Anonym1 sin andre kommentar i bilde 1 kan me sjå at de har sitert delar av [deleted] sitt innlegg. Dette er signalisert med den *litt* tjukkare gråe linja framfor «om du kjøper illegale rusmiddlar...». Me kan her sjå at den originale kommentaren til [deleted] hadde ein karmascore på 15, som kan tyde på at fleire deltakarar er einige om at ein kan stille kjøparar til dels ansvarleg for å halde liv i illegale

verksemdar. Anonym1 svarar i bilde 1 med å sidestillar dette med andre industriar de meiner har ei problematisk tilnærming til menneskerettigheitar. Anonym1 får her ein karmascore på 45. Samtalen fortsett i bilde 2, kor [deleted] ser ut til å ha til dels avskrive argumentasjonen til Anonym1 som «whataboutism», og ikkje sett det som eit tilstrekkeleg argument mot [deleted] sin originale kommentar. Denne kommentaren ser ikkje ut til å falt i like god smak, ettersom den har ein karmascore på -19, altså 19 fleire mislikte kommentaren enn de som likte den. Det er mange ulike potensielle årsaker for at de skulle ønskje å slette kommentaren, lik til dømes at de ikkje ønskte stå for kommentarane lenger eller at de endra meininga si. Samstundes er det heller ikkje umogleg at de opplevde å verte hetsa. Kommentaran ein kan sjå i kommentarkjeda synes ikkje å være av ein særleg aggressiv karakter, men Reddit tillèt ein å sende direkte meldingar til brukarar som ikkje er synleg for andre, lik Facebooks messenger-app. Dette er dessverre umogleg å finne noko konkret svar på.

Det skal også seiast at det ikkje berre er kommentarar som stiller seg kritisk til rus og rusreform som er sletta. Blant anna er det ein kommentar som ser ut til å omhandla konsumering av alkohol i parken, og ein misforståing om at dette ikkje var ulovleg. De to originale kommentarane vart sletta til tross for at begge hadde ein mengde liker-klikk tilsvarande medianen for kommentarar på det aktuelle innlegget (8 og 9 liker-klikk respektivt). Andre deltakarar nytta kommentaren som ein moglegheit til å diskutere definisjonen av «overstadigberusa», og om dette også kunne nyttast for illegale rusmidlar ved ein eventuell avkriminaliserin/legalisering. Uansett må eg anerkjenne at sletta kommentarar er sær s uvanleg, og det er fleire tilfelle kor folk har tatt feil, eller tilsynelatande «tapt» ein debatt utan å slette sin kommentar. Det er verdt å nemne at ved ingen tilfelle vart kommentarar sletta av moderatorane frå r/Norge, då dette ville vore markert med ein tekst som las [fjernet] i staden for [slettet].

Det som kan være meir interessant å sjå i på kontekst av faktoren permanens er i kor stor grad brukarar nyttar seg av Reddits

redigeringsfunksjon. Betydeleg fleire nyttar seg av dette, men det har vist seg til tider svært vanskeleg å vite nettopp kva som er redigert. Ofte når Redditkommentarar vert redigert er det vanlig for brukarar å signalisere nettopp kva som vart endra ved å skrive «Edit: X vart endra», då Reddit sjølv ikkje viser meir enn eit varsel om at meldinga har vorte redigert. I de tilfella der det ikkje er notert kva som er endra, har eg forsøkt å lese svar til kommentaren for å sjå om dette kan gi kontekst. Utifrå det eg kan sjå handlar den store majoriteten av unoterte redigeringar potensielt om rettskriving, men dette er ikkje meir enn spekulasjonar basert på andre deltakarars kommentarar. Om dette om formodning skulle være riktig kan dette indikere eit ønskje om at kommentarane skal framstå som relativt gjennomtenkte og at brukaren sjølv har tatt seg tid til å formulere seg på ein god måte. Ofte er det relativt lange kommentarar som har vorte redigert. I de tilfella kor det er notert eksakt kva som vart redigert omhandlar dette ofte ei korrigerings av potensielt feilaktig informasjon i den originale utgåva av kommentaren, lik me ser i bilde 3. Dette er ein del av ein diskusjon om kvifor røykbare rusmidlar ikkje kan inkluderas som lovlege middel på vinmonopolet. «Eg er einig...» refererer til ein tidlegare kommentar som meiner røyking generelt sett er ein uting og burde ikkje oppmuntrast på noko vis, om det er tobakk eller cannabis. Videre i kommentaren ser me at Anonym1 kjem med eit par forsiktige påstandar, og i den andre setningen ser me at de skriv «(?)» etter ein påstand om at cannabis-røyk er mindre farleg, for å indikere at de er til dels usikre på om dette faktisk er riktig. De presiserer at de meiner det er tobakken som er problemet.



Bilde 3


Videre ser me att Anonym1 skriv «EDIT:...». Det er her redigeringa av teksten startar. De har tydelegvis forsøkt svare til sine egne spørsmål, og vald å inkludere funna sine i kommentaren for andre å sjå. Her ser me at Anonym1 (1) korrigerer feilaktig informasjon tidlegare i kommentaren, medan de (2) presiserer sin eigen posisjon rundt kva de meiner burde være lovleg når det kjem til røyking av cannabis, og kvifor de meiner dette. Det er interessant at framfor å fjerne den originale påstanden, og erstatte den med ein ny basert på kunnskapen de erverva seg som følgje av google-søket, valde de å heller «lime på» ein ny halvdel til kommentaren. Det kan tenkast at det å ta vare på den originale utgåva av kommentaren har ein signifikans. Eg fann ingen tilfelle kor ein kommentar fjerna ein påstand under redigering. Kanskje har dette noko med å syte for at kommentarane under ikkje står utan kontekst.

## 5.2 TONE OG NORM

Det har vist seg forholdsvis vanskeleg å definere ein konkret tone for den norske rusdebatten slik den går føre seg på r/Norge, men det er framleis visse tendensar som går att som eg meiner det er hensiktsmessig å belyse. Fyrst kan ein på mange vis definere debatten som forholdsvis munnleg. I bilde 4 kan me sjå to av desse munnlege fenomena, nemleg bruken av ord




som «jasså», «åh..» og «hmm», samt korleis deltakarane skriv som om de gjennomfører ein verbal form for kommunikasjon. Anonym2 nyttar seg også hyppig av ellipsar for å simulere tenkepausar i tale. Desse to kommentarane var på eit innlegg som tok for seg ein kronikk av tidlegare tolldirektør Bjørn Røse som vart publisert på VG. Det er interessant å merke seg at Anonym1 startar kommentaren som om de responderer til ein tidlegare kommentar. De er derimot fyrste person til å kommentar i denne kommentarkjeda.




Bilde 4

I andre innlegg kan me sjå tendensar til kodeskifting, kor brukarane vekslar relativt enkelt mellom engelsk og norsk, slik illustrert i bilde 5. Berre så det er nemnd, den blå teksten «OP» signaliserer at dette er personen som originalt publiserte innlegget. Kommentaren er ein respons til ein kommentar som no har vorte sletta. Me ser her at Anonym1 også «signerer» kommentaren sin med «-Reddtior». Dette er det engelske namnet på de som brukar Reddit. Kommentaren til Anonym2, «-Redditør» er ei fornorsking av denne begripen. Bilde 6 viser også til kodeskifting.



Bilde 5




Bilde 6

Denne kommentaren er forøvrig også interessant ettersom den repeterer eit tidlegare argument me såg i oppgåva, at kjøp av illegale rusmidlar finansierer kriminelle organisasjonar. Her kan me sjå at kommentaren har fått ein karmascore på 202. Forskjellen i score mellom denne og den tidlegare, sletta kommentaren i bilde 1 kan truleg mykje forklarast med størrelsen på innlegget kommentarane vart publisert på. Kommentaren me såg tidlegare i bilde 1, med ein karmascore av 15 var del av eit innlegg med ein femtedel av liker-klikka, og 1 tredjedel av kommentarane samanlikna med innlegget kommentaren i bilde 6 kjem frå. Eit gjennomgåande tema i rusreformdebatten ser ut til å være korleis ei eventuell legalisering vil være ein økonomiske fordel for Norge gjennom skatting.

Samstundes kan ein på mange vis beskrive måten de strukturerer kommentarane sine på som forholdsvis formelle. Antakeleg vis kjem dette av eit forsøk på å gjere meir komplekse kommentarar, med fleire tankar og påstandar enklare for andre å lese og tolke. Om ein til dømes ser til bilete

7 kan ein sjå at mange kommentarar av ein meir kompleks natur, altså kor de forsøker kommunisere fleire tankar og idear i same kommentar, har ein forholdsvis tydeleg struktur. Me kan i bilde 7, samt fleire av de andre kommentarane i denne oppgåva, sjå ein hyppig bruk av avsnitt. Det er ingen konkrete reglar for korleis brukarar skal strukturere kommentarane sine, men dette er ein veldig vanleg måte å gjere det på. Litt av dette kan komme av at dette gjer det enklare for potensielle lesarar å bearbeide og forstå tekst når det vert presentert slik (Kurvitz, 2020).




Bilde 7

Denne kombinasjonen er på ingen vis den einaste. Ein ser også ein generell tendens til at brukarane er både frustrerte og oppgitte. Til dømes er det ein relativ hyppig bruk av ellipsar og sarkastiske kommentarar, ofte signalisert på slutten av kommentaren med den ofte brukte semiotikken «/s». Det er, som ein kanskje sjølv har opplevd til tider, forholdsvis vanskeleg å identifisere sarkasme i skriven tekst, og «/s» har på mange vis vorte det definitive symbolet på tvers av mange ulike digitale kommunikasjonsplattformer for å denotere nettopp dette. Det er difor ganske interessant å observere tilfella kor brukarane nyttar seg av sarkasme, men unnlèt å nytte seg av «/s». I staden nyttar de seg av det

som kan verke som «openberre» overdrivingar. Eit døme på dette kan me sjå i bilete 8 og 9. Dette er ein samtale som føregikk under eit innlegg som refererte til ein rett24-sak, kor det vart snakka om korleis politiet kan ha gjennomført fleire tusen ulovlege rusundersøkingar i året.



Bilde 8



Bilde 9

Den fyrste kommentaren i bilete 8, av Anonym1 startar kommentarkjeda ved å spørje noko sarkastisk om ein snart kan tillate seg sjølv å være lei «maktsjuke rasshull». Anonym 2 svarer at dette ville være forulemping av offentlege tenestemenn, og difor ikkje ok. Det som er interessant her er, slik me blant anna ser i bilde 9, at de andre deltakarane tok kommentaren som sarkastisk, og Anonym3 spør om det ikkje lenger skal være lov å filme tenåringar som urinerer. De refererer her (truleg) til urintesting av mindreårige, kor nokre deltakarar av debatten meiner dette er eit grovt

overgrep. Eg vil påstå at dette utsagne, i kontekst av samtalen nesten må tolkast sarkastisk, til tross for at Anonym3 sjølv ikkje gir nokon direkte indikasjonar på dette i kommentaren. Det gjer derimot Anonym4, som syte for å nytte seg av «/s» for å gjere det veldig tydeleg at de uttrykkar seg sarkastisk. Kanskje dette kjem av at de vil være 100% sikker på at ingen tek kommentaren alvorlig.

Me kjem til å diskutere dette nærmare i neste kapittel, men denne forma for signalisering indikerer at deltakarane har ein viss forståing av at det eksisterer generelt aksepterte haldningar. I de tilfella brukarar gjennomfører denne forma for sarkasme, kor de ikkje tydeleg signaliserer at den aktuelle kommentaren er meint sarkastisk verkar det som om de går utifrå ein «allmenn» forståing, ein tanke om at utsagne er så overdriven at det berre kan være meint sarkastisk. I de tilfella slike utsegn vert ytra som faktisk genuine med ein forståing av at det går imot de generelt aksepterte haldningane på subredditten, vert det ikkje misforstått som sarkasme, sjølv om andre til tider responderer med noko tilnærma «du gløymde /s». I desse tilfella er det framleis tydeleg at de fleste har forstått at dette *ikkje* var sarkastisk meint.

Samstundes er det merkverdig at deltakarane av rusdebatten på r/Norge er veldig varsame ovanfor ekstrem overdriving. Eg har nemn eit par gongar i denne oppgåva no at r/Norge har ei viss mistillit ovanfor staten og politiet, med relativ fiendtleg språkbruk når desse vert nemnd. Samstundes er det eit par tilfelle kor desse vert assosiert med fascisme, då spesielt kommunistar og nazistar. Dette ser me til dømes i bilde 10, kor Anonym1 forsøker beskrive Jonas Gahr Støre og Arbeiderpartiets veljarar som nazistar og jødehatarar. Dette fell veldig dårleg i smak, og eg finn ingen tilfelle der slik overdriving har noko anna enn negativ respons. Kommentaren er publisert som respons til at det digitale markedet nemnd tidlegare vart stengt ned. Utsagne er så grovt at ein skulle nesten tru det var sarkastisk meint, men det er tydeleg at få andre deltakarar i debatten

las det slik. Me kan merkje oss at kommentaren har ein karmascore på -26, altså 26 fleire mislikte kommentaren enn likte den.



Bilde 10

Eit anna interessant fenomen ein finn i utvalet er måten brukarane ofte snakkar om politiet, for det er litt ulikt korleis alle andre system og statlege organ vert omtalt og beskriven. Når det er snakk om til dømes politikarar som står imot rusreforma vert de ofte beskriven som «fossil» og «anti-kunnskap», som er for indoktrinerte til å kunne sjå realiteten slik deltakarane av r/Norge «objektivt» ser den, slik illustrert i bilete 11.




Bilde 11

Politikarar vert sjeldan tilskriven vondsinna intensjonar, men diskursen ber tydeleg preg av frustrasjon og sinne over at de «nektar» å anerkjenne situasjonen slik r/Norge ser den. Helsevesenet vert til kontrast avskrive det meste som kan kallast ansvar. Brukarar er til dømes kritisk til ideen at ein som innrømmer bruk av cannabis ovanfor ein lege eller psykolog vert kategorisert som ueigna til å køyre bil, og får difor førarkort beslaglagt. Helsevesenet får derimot ikkje mykje skyld i dette, då deltakarane aksepterer at desse er pliktige å melde slikt lovbrøt vidare, uavhengig av kva dei sjølv skulle meine. Det er ikkje uvanleg derimot å råde *mot* å søkje


hjelp frå helsevesenet på bakgrunn av potensielle konsekvensar dette kan ha for individet, slik me ser i bilde 12. Det er også enkelte i debatten som nemnar barnevernet, og moglegheita for å miste omsorgsansvaret for eigne barn. Det kan verke som om denne type barrierar er noko av hovudfokuset for forkjemparar av rusreforma. Gjer det enkelt å smertelaust. Når det er snakk om politiet derimot ser ein ei heilt anna skildring. At de er pliktige til å følgje reglementet er ikkje relevant, og ofte vert deira tilnærming til brukarar av rus beskriven som nærmast villig vondskap. Variasjonar av uttrykket «All Cops Are Bastards» kjem opp fleire gongar, enten i form av «ACAB», slik som i bilde 13, eller «1312», slik som i bilde 14. «1312» refererer til bokstavanes posisjon i alfabetet, altså 1=A, 2=B og 3=C.



Bilde 12



Bilde 13



Bilde 14


Det kjem også ofte fram anekdotiske (samt ein-sidede) historier om individs opplevingar med politiet, og her ser ein ofte at politiet vert beskriven som arrogante, unødig aggressive og til tider, kriminelle. Mykje av dette kan det være kjem av at det er nettopp politiet ein møter om ein vert tatt for bruk av illegale rusmidlar, og at dette til dels har farga brukaranes persepsjon av politiet som maktorgan, slik illustrert i bilde 15. Samstundes kan ein ikkje ignorere at NNPF (Norsk Narkotikapolitiforeining) har vore eit aktivt tema på r/Norge i lang tid, ein organisasjon mange på subredditten har mange sterke meiningar om. Generelt sett vil eg sei at måten r/Norge snakkar om de ulike organa, og aktørane som opererer i desse organa vitnar om ei mangel på tiltru til at de innehar evna til å sjå rusproblematikken slik den angivelig er i «realiteten», altså slik subredditten sjølv ser situasjonen, og brukarane er difor veldig oppgitt over at me tilsynelatande aktivt veljar å ikkje løyse problematikken.



Bilde 15




Videre er det interessant å sjå korleis deltakarane av subredditten beskriv de som de rusreforma per definisjon var meint å hjelpe, altså de som kan beskrivast med den noko tvitydige definisjonen av «tung rusbrukar». Både de for og imot rusreforma nyttar seg til tider av relativt fargerike beskrivingar, men til ulikt formål. De som er mot reform nyttar til tider ord som «dophoder», «knarkere» og «junkies», og det verkar som dette er eit forsøk på å tilskrive denne gruppa forholdsvis negative karakteristikkar og assosiasjonar som late, kriminelle og dumme. Eg har også observert fleire tilfelle kor desse beskrivingane vert tilskrivne ein kvar som er for reform, noko som aldri fell spesielt godt i smak i kommentarfeltet. Ein kan sjå i bilde 16 at den aktuelle kommentaren har ein karmascore på -29, altså 29 fleire mislikte kommentaren samanlikna med de som likte den.



Bilde 16

Ein liknande situasjon ser me i bilde 17, kor Anonym1 er forhandsvis klar i kva de synes om avkriminalisering og legalisering av illegale rusmidlar. Dette innlegget var skjult heilt nedst på sida, bak ein «vis meir» knapp, som kan bidra til å forklare kvifor ingen tilsynelatande har latt seg engasjere av kommentaren. Me kan derimot sjå eit døme på dette eg snakka om tidlegare, kor Anonym2 seier «du gløymde «/s»». Skildringane i bilde 16 og bilde 17 er ikkje uvanlege blant kritikarar av rusreforma. Eg er uviss om de er så krass i tonen naturleg, eller om det er einaste måte de følar de kan effektivt kommunisere til forkjemparar av debatten at de er sterkt ueinige i argumentasjonen.



Bilde 17

De som er for ein rusreform er likevel ikkje immune mot å ta nytte av liknande beskrivingar, men i mykje mindre grad. I de tilfella dette hender observerer eg at orda vert nytta for å uskadeleggjere og infantilisere personar som har de dei vil beskrive som eit «usunt» forhold til rus. De vert snakka om som stakkarslege folk som til ei kvar tid vert tråkka på av både stat og de øvre klasser. Eg observere også ofte at desse ser narkomane som ein del av arbeidarklassen, særleg når de kritiserer Arbeiderpartiet og deira slagord «No er det vanlig folks tur».

I mange av innlegga publisert etter valet i 2021 kan ein også sjå ein vaksande trend til å karakterisere den generelle befolkninga, og då spesielt den delen som valde inn AP og SP til regjeringa som villige observatørar av undertrykking og framandgjerung. Argumentasjonen kan sjå ut til å stamme frå individ med ein særleg interesse for rusreforma, som tilsynelatande stiller seg uforståande til at store delar av befolkninga ikkje nødvendigvis bryr seg i like stor grad om avkriminalisering og legalisering av no illegale rusmidlar samanlikna med politikk som har ein meir direkte effekt på dei sjølv. Dette er noko eg ønskjer diskutere nærare i neste kapittel, men på mange vis vitar dette om ein vaksande trend av framandgjerung og følelse av «oss» og «andre». Desse argumentasjonane har ikkje møtt betydeleg

motstand, og ser ofte forholdsvis positiv engasjement til tross for at påstanden på mange vis kan oppfattast som ei grov generalisering av ei forholdsvis stor folkegruppe. Eg har samstundes observert fleire deltakarar som erkjenner at r/Norge ikkje nødvendigvis har ein demografi som kan seiast å være ein reel spegling av Norge i sin heilheit.

### 5.3 MULTIMODALITET

Av de 17 innlegga eg har sett på angående rusdebatten er det berre to som nyttar seg av bilete for kommunikasjon. Sett i kontekst av r/Norge er dette noko uvanleg, då subredditten elles er forholdsvis full av bilete brukarane sjølv har laga, eller synes passer bra for r/Norge. Ser ein til dømes på de 30 mest populære innlegga gjennom subredditten si 14 år lange historie nyttar 25 seg av enten sjølvlaga/teikna bilete eller videoar, som oftast med ein humoristisk tone. Går ein til forsida av subredditten til ein kvar dag vil ein også verte møtt med mange ulike formar for multimodalitet. Men ikkje i rusdebatten. For det meste innheld ikkje innlegga meir enn ei hyperlenke til nyhedeartiklar, kanskje kombinert med ein kommentar frå brukaren som originalt publiserte innlegget som tek for seg noko av de dei sjølv fann var det viktigaste ved artikkelen. Dette er de to bileta eg har vald å nytte meg av for denne analysa:



Meme 1




Meme 2

Meme 1 har rundt 1600 liker-klikk og 230 kommentarar, medan Meme 2 har om lag 280 liker-klikk og 70 kommentarar. Som ein kan sjå i begge er dette meir humoristiske tilnæringar enn det me ellers har sett i rusdebatten. Likevill vil eg påstå at de gir uttrykk for den same frustrasjonen og oppgittheita som me diskuterte tidlegare. Desse memsa vart for øvrig begge publisert før Arbeiderpartiet sa nei til rusreforma i midten av april 2021. Eg kjem til å diskutere dette meir i neste kapittel. Det er interessant å merkje seg at til tross for memsas humoristiske karakterestikker er kommentarane prega av ein langt meir sakleg tone. De mest likte kommentarane er av ein relativt kompleks natur, forsøker redgjere for korleis dagens ruspolitikk har gjort meir skade enn godt, og kvifor den føreslåtte rusreforma skulle ville kunne bidra til å betre situasjonen. Desse memsa spelar altså hovudsakleg rolla som samtalestartar.

Eg observerte i mi søken etter utval for denne oppgåva at mengda memes som vart nytta som samtalestartarar for rusdebatten tok seg kraftig ned etter Ap sa nei til reforma, og det kan være interessant å tenkje over kvifor dette har hendt. Eg observerte berre ein kommentar som uttrykte skuffelse over at rusdebatten skulle kommuniserast gjennom memes, og sjølv om kommentaren fekk nokre liker-klikk, såg eg mange fleire

kommentarar som verka nøgd med at memes vart nytta som kommunikativ medium av politisk ideologi. Det er difor interessant å observere ein fullstendig manko på memes etterkvart som debatten utvikklar seg inn i 2022.

Det er også ein annan form for multimodal kommunikasjon som vert nytta på r/Norge, men av ein langt meir subtil karakter, «awards», eller premier. Premier er essensielt ikon redditbrukarar kan kjøpe, for så å gi videre til andre brukarar for å signalisere at de likte innlegget eller kommentaren. Brukaren som mottok premien får eit par dagar med reklamefri bruk av Reddit.com basert på verdien av ikonet. Det er eit mangfall av ulike ikon ein kan kjøpe, lik til dømes «This!», «Wholesome», «Helpful» og «Gold», som alle har ein viss kommunikativ verdi. Eg vil likevel komme med ein påstand om at de fleste tilfella kor premiar vert given bort til andre er det berre ei signalisering om at folk likte innlegget. Ikona er så små at ein ikkje nødvendig vis ein gong legg merke til at de er gitt ut, ved unntak av gullpremien, som gir kommentarar eit svakt gullbellegg oppe i høgre hjørne av kommentaren slik illustrert i bilde 18.



Bilde 18

Den viktigaste effekten av desse premiane for denne oppgåva er derimot at innlegg og kommentarar som motek slike premiar vert dytta opp i på sida, og fungere på mange vis som ein slags signalforsterkar som fremhevar enkelte meiningar og tolkingar av den aktuelle situasjonen. Det skal merkast at meme 1, som er det mest likte innlegget av alle innlegga i dette utvalet fekk fleire premiar enn alle andre innlegg kombinert, med ein total på 17 premier.

## 5.4 MELDINGSSTØRRELSE

Når Herring (2007) snakkar om meldingsstørrelse tenkjar ho blant anna på konstruksjonane som ligg til grunn for vår oppfatning av kva som er ein normal lengde, altså kva skal til før me reagerer. I vårt tilfelle vil dette i hovudsak omhandle størrelsen på kommentarar, men det er eit par interessante observasjonar eg ønskjer dele om størrelsen på de originale innlegga også, då de på fleire vis skilje seg frå det de aksepterte reglane for kommentarar. Det skal seiast at Reddit har ei karaktergrense på 40 000, men ingen kommentarar i utvalet av denne oppgåva kjem nokon gong nær denne.


Det fyrste me kan merkje oss er at det strengt tatt ikkje eksisterer nokon reglar for lengda på kommentarane. Variasjonen i meldingsstørrelsane er forholdsvis store. Nokre kommentarar er bokstavleg talt eit ord, medan andre nærmar seg fleire avsnitt på 200+. Det som derimot er identifiserbart, at de lengre kommentarane ofte ber preg av ein meir isolert diskusjon, altså at kommentaren engasjerer færre deltakarar. De har ofte færre liker-klikk enn de kortare kommentarane, og mangfaldet av individuelle brukarar er ofte sterkt redusert. I tillegg er graden av engasjement ofte avhengig av om kommentaren er for eller mot rusdebatten. I de tilfella kor den originale langkommentaren er for rusreform, ser ein ofte at kanskje ein brukar kommenterer for å leggje til noko aktuelt, lik ekstra informasjon, eller ein vidareføring av ideen presentert i den originale kommentaren. Deretter dør kommentarkjeda ganske raskt ut. Om den originale langkommentaren er kritisk til rusreforma ser ein derimot eit skilje. I desse tilfella utviklar det seg ofte til at den originale kommentatoren engasjerer seg i fleire individuelle debattar som de sjonglerer samstundes.

Når det kjem til det originale innlegget ser ein derimot at ein tilsynelatande har nokre andre reglar for kva som er forventa. Mange av innlegga innhald hyperlenker til eksterne kjelder, ofte aviser lik Aftenposten, Dagbladet og VG, og i desse tilfella skriv ikkje brukaren som publiserte innhaldet noko i

sjølve ingressen av innlegget. Det hender derimot at de publiserer ein kommentar på om lag eit 2-4 linjer kor de skriv kva de sjølv synes om den aktuelle saka, og kanskje korleis de synes den aktuelle avisa behandla saka. I tillegg kan det hende de veljar nytte tittelen på innlegget som ein moglegheit for ein kort kommentar, gjerne litt humoristisk i tone. I de tilfella kor de *ikkje* refererer til ein avisartikkel inkluderast det som oftast mellom 1 til 3 avsnitt kor den som publiserte innlegget gjer reie for eit spørsmål de har, kritikk de held eller ein generell samtalestartar for vidare diskusjon.

## 5.5 ANONYMITET

Slik eg har nemnd fleire gongar tidlegare i denne oppgåva, er Reddit ein relativt anonym sosiale medieplattform. Til forskjell til Facebook er det verken restriksjonar på kva du kan kalla deg, og det er heller ingen kultur for å nytte seg av ekte nemn når ein lagar seg ein brukar, sjølv om det det ikkje nødvendigvis er eit ukjent fenomen. Anonymitet har ifølgje Herring potensialet for å utløyse fleire konsekvensar, kor særleg 3 er relevante for denne oppgåva. Den fyrste konsekvensen me ser er at det opnar opp for meir openheit rundt illegale, eller tabubelagde handlingar brukaren kan ha tatt del i. Det er sjølv sagt vanskeleg å sei noko om i kor stor grad folk gjer reie for sin faktiske bruk når det kjem til rusmidlar, men basert på innlegga analysert for denne oppgåva vil eg påstå at folk føler det relativt trygt å komme med personlege historier om eigne erfaringar. Det vert derimot aldri avgitt informasjon som kan identifisere brukaren, og de ser ut til å ta dette forholdsvis alvorleg. Eg observerte eit par tilfelle kor kommentatorar vart spurt kor i landet de kom frå, og svaret var sjeldan meir presis enn landsdel, eller om det var by eller bygd. Det skal samstundes påengterast at det er relativt vanleg for folk å ha ein «flair» som kan signalisere fylke kommentatoren kjem frå, sjølv om dette ikkje er noko som verifiserast eller handhevast. Bilde 19 er eit døme på ein slik «flair». Her kan me til dømes sjå at Anonym1 truleg kjem frå, eller bur i Buskerud.



Bilde 19

Brukarane av r/Norge nyttar ofte egne erfaringar med rus i sine argumenter. Dette hender særleg når nokon har hatt ein dårleg opplevelse med politi og/eller helsevesenet. Ofte uttrykker desse ein frykt for å spørje om hjelp, då mange er usikre på kva konsekvensar dette kan ha på livet deira, og på mange vis går utifrå det verst tenkelege senarioet. Me såg ein liknande frykt i bilde 12 tidlegare i kapittelet.

Til tross for at historia vert fortalt av ein anonym person på internettet, opplev eg at veldig få sett spørsmålsteikn til validiteten av forteljingane. På mange vis er dette kanskje litt overraskande. Ein skulle tru at brukarar var meir kritisk til andre sine anekdotiske historier ettersom alle er anonyme, og det difor ikkje er nokon god måte å verifisere påstandar om korleis det er å være rusbrukar i det norske systemet. Likevel observerer eg veldig lite skepsis ovanfor andre sine opplevingar, då særleg de som opnar opp om eigen eller familiær rusbruk. Også når ein snakkar om tidlegare forskning utan å referere til den relevante forskinga har eg observert at folk flest tar det for god fisk, men det er ikkje universelt. Spesielt forskning som talar rusreforma imot vert underlagt ein særleg skepsis.

Det siste fenomenet anonymitet ofte oppmuntrar til er at ein tillèt seg sjølv å være meir aggressiv i språkbruken enn ein kanskje ville gjort ansikt-til-ansikt, og dette også ser me til dels, sjølv om det er i mykje mindre grad enn eg hadde originalt sett for meg. Det er mindre krasse kommentarar sendt mot personen ein snakkar med enn forventa, og det ser berre ut til å hende i tilfelle kor personen følar seg villig misforstått. I de tilfelle denne antakinga vert korrigert ser ein ofte at folk beklagar for å ha fyrt seg litt opp. Det ein derimot ser langt meir av er ein kategorisering av motstandarane som gruppe. «Knarkar», «dophode», «moralist», «idiot», «jævla svin» og andre formar for skjellsord er alle relativt vanlege når deltakarane skal snakke om folk som ikkje delar deira syn på rusreforma.



Det som også er interessant er forskjellen mellom når de kritisk til rusreforma nytter seg av slik språkbruk samanlikna med når de som er for ein reform gjer det same. Om ein uttrykker seg som kritisk til rusreforma vert slik språkbruk ofte kritisert som unødig og vulgær. Snur ein derimot på situasjonen ser ein at det opplevst som forholdsvis uproblematisk (innan visse grenser). Det er fleire moglege årsaker til dette. Til dømes kan det være at ein identifiserer mottakarane som utanfor fellesskapen til r/Norge. Det kan verke som om deltakarar av r/Norge opplev det som eit personleg angrep når forkjemparar for rusreforma vert skjelt ut, medan det oppfattast som om kritikk av motstandarar er retta mot folk utanfor r/Norges økosystem, og ofte retta meir mot institusjonar som innehar ein viss makt.

## **5.6 DELTAKARSTRUKTUR, DELTAKARAR OG REKKEFØLGJE**

Når eg har gått gjennom innlegga nytta i denne analysen har eg ikkje opplevd at debatten dominerast av eit mindretal individuelle brukarar, men r/Norge ber definitivt preg av ein majoritet som er for rusreform. Den normative meininga å holde er absolutt å sjå på dagens politikk som mislykka, og at den har fungert imot sin originale hensikt. Eg kjem i denne delen av analysen til å forsøkje dele subredditten inn i 3 grupperingar for å prøve illustrere de ulike meiningane som tek mest plass på r/Norge, men det er likevel viktig å hugse at de som er for rusreforma er i eit signifikant fleirtal.

Videre kan ein spørje kalla grupperingar som deltek i rusdebatten på r/Norge. Det er tross alt ikkje alle som er einige, og eg trur det ligg argumenter til grunne for å definere 3 ulike grupperingar som kan seiast være de mest omfattande innan den norske rusreformsdebatten på r/Norge. Fyrst og fremst kan me sjå på de som meiner den norske ruspolitikken som eksisterer i dag er tilstrekkeleg, eller i det minste det beste alternativet tilgjengeleg. Det fyrste me kan notere oss er at det har vist seg veldig vanskeleg å finne innlegg som er negative til ein rusreform. Av de 17 innlegga eg tek for meg for denne oppgåva er det berre ein som

er kritisk til rusreforma. Eg ønskjer til dels å minne lesar om at Reddit, i kontrast til mange andre formar for sosiale media *ikkje* skreddarsyr kalla innlegg de visar deg, og opererer utelukkande basert på engasjement og tidsrom når de presenterer innlegg til brukaren. Det vil sei at Eg og du vil sjå nøyaktig de same innlegga om me går til sida samstundes. Sjølv det eine negative innlegget var ikkje nødvendigvis kritisk til rusreforma som ide, men heller måten andre framstilte reforma som noko som skulle hjelpe de svakare stilte i samfunnet. Bilde 20 er eit bilete av innlegget. Eg har vald å sensurere tittelen på innlegget fullstendig, for å syte for at identiteten til personen som publiserte innlegget er best bevart.



Bilde 20

Innlegget opplevde rusreforma som ein liberalisering av rusmidlar til den hensikt å tillate de som ønskte nyte rekreasjonell bruk, og som ikkje ville ha noko hjelp med avrusing å kunne ruse seg utan frykt for straff. Seinare i kommentarfeltet kommenterer brukaren som originalt publiserte innlegget at de var kritiske til korleis forkjemparar for rusdebatten såg ut til å skubbe de svakaste i samfunnet forran seg sjølv i eit forsøk på sin eigen form for moralisering. Det at dette er det einaste innlegget eg fann er merkverdig i seg sjølv, og sjølv om det skulle eksistere andre innlegg som er kritiske til


avkriminalisering og/eller legalisering av ulike rusmidlar, vil eg påstå at utvalet for denne oppgåva er representativt for forholdet mellom innlegg for og imot rusreforma på r/Norge. Kvifor då føler eg det hensiktsmessig å definere dette som ei eiga gruppe? I all hovudsak dreier dette seg om kommentarane ein ser på samlege innlegg. I alle innlegg analysert er det minst ein brukar som kritiserer rusreforma som «latteligg simplistisk» eller at de elles snakkar ned de potensielle helseproblema assosiert ved bruk av rusmidlar. Det er tilsynelatande ein stor frykt for ei potensiell aukeing av rusbruk som *vil* ha ein negativ effekt på folkehelsa, då spesielt blant folk som allereie lir av psykiske problem. Her vert det forøvrig relevant å kike på plasseringa av desse kommentarane, for det er tydelege mønster i kor de hamnar i debatten. De hamnar stort sett nedst, ofte skjult bak ekstra knappetrykk om kommentaren har sett ei stor mengde nedstemningar. Ofte ser me i innlegga at kommentarkjeder som startar med ein negativ halding ovanfor rusreforma ikkje får særleg mange liker-klikk, og difor hamnar langt ned på sida. Det skal derimot seiast at argumenter mot rusreform som vert tolka som genuine forsøk på debatt, ofte mottek meir positive reaksjonar. Det kan verke som om deltakarar som er for reform ser slike kommentarar som ein moglegheit for å spreie informasjon. Det siste eg vil sei om denne gruppa er at de ikkje deler mykje om personlege erfaringar med rusmidlar forutan at enkelte har/hadde venner eller familiemedlem som sleit med rus, og at dette er litt av grunnen til at de er skeptiske. I de fleste tilfelle vert slike argumentasjonar kritisert av andre brukarar for å være anekdotisk. De for rusreforma nyttar seg forøvrig også hyppig av anekdotiske bevis når de talar sin sak, sjølv om dette opplevst som mindre problematisk.

Gruppe nummer to kan seiast å være de som er for ein grad av legalisering for visse rusmidlar. I hovudsak omhandlar dette ei legalisering av cannabis og andre «lettere stoffer», lik fleinsopp og LSD. Ein ser ofte at desse lener seg på potensielt positive konsekvensar det kan ha for økonomien om ein tillèt den norske staten å drive sal linkande vinmonopolet. De er også veldig

opphengt i eit syn på alkohol som det mest skadelege rusmiddelet, og stiller seg difor fullstendig uforståande ovanfor restriksjonar påført andre rusmidlar de anser som relativ ufarlege til samanlikning. Ein ser at mange av desse ofte er ekstremt kritiske til de fleste maktorgan i Norge, då spesielt politiet og politiske parti og politikarar som har ytra seg kritisk til rusreforma. Det er ikkje uvanleg i innlegga analysert i denne oppgåva å sjå kommentarar som er sett spørsmålsteikn til kompetansen til de som styrar landet. Det er ein tydeleg trend til mistillit ovanfor politiet, då spesielt i samanheng med NNPF (Norsk Narkotikapolitiforeining). Dette kan kanskje forklarast med eit anna vanleg argument denne gruppa nyttar seg av, nemleg ein påstand om at cannabis er grunnmuren Norges kriminelle gjengar byggjer imperiet sitt på, og legalisering og regulering av cannabis vil difor kutte ned på de kriminelle sin økonomiske kapital, samt at det unnlèt at cannabis kan fungere som eit inngangsstoff ved å fjerne denne brukarbasen frå kriminelle influensar. Mistillita ovanfor helsevesenet kjem kanskje frå kommentarane i innlegga som gir uttrykk for at ein under ingen tilfelle kan spørje om hjelp i dagens system, verken ovanfor politi eller helsevesenet for frykt av forfølgning. Til døme er det folk som fortel om at situasjonar kor de fortalte ein psykolog om rusbruk i den tru at dette var konfidensiell informasjon, for så å få førarkort inndratt, eller at politiet møtte på døra kort tid etter. I mange av desse forteljingane vert spesielt politiets handlingsmønster sterkt kritisert. I nokre tilfelle vert det blant anna beskrive at politiet gir brukaren bank. Slike beskrivelsar vert aldri sett spørsmålsteikn ved, og det opplevst ikkje som om deltakrane i debatten ser dette som anekdotisk, men ein av mange liknande tilfelle. Det skal derimot nemnast at eg ikkje får inntrykk av at denne gruppa manglar tillit til det politiske systemet i sin heilheit, men heller individuelle aktørar som opererer inne i systemet. Mange av de som eg har definert som innanfor denne gruppa er ikkje spesielt sky når det kjem til å snakka frå erfaring. Ein ser ofte at de refererer til personlege erfaringar med rusbruk, både med mildare midlar lik cannabis, samt tyngre stoff lik heroin. Eg finn ikkje eit

einast tilfelle kor nokon av de andre deltakarane sett spørsmålsteikn ved validiteten til desse erfaringane, men når det er snakk om tyngre rusmidlar vert det til tider poengtert ein viss anekdotisk kvalitet til argumenta.

Den siste grupperinga eg ønskjer presentere er de som er einige i at dagens politikk fungerer mot sin hensikt, men er vare ovanfor ei potensiell legalisering. På mange vis deler desse ein god del karakteristikkar med gruppe 2, men det er eit par ting som skiljar de. Denne gruppa forsøker i større grad å snakke på vegne av svakare stilte i samfunnet. For desse verker avkriminalisering som eit nødvendig steg, men også forhåpentlegvis det einaste som trengs gjerast. De mest populære argumenta her omhandlar Norges relativt høge overdosedødsfall samanlikna med til dømes Portugal, som til tross for ein populasjon dobbelt av Norges, har 8 overdosedødsfall per million innbyggjar, samanlikna med Norges 77 (European Monitoring Centre for Drugs and Drug Addiction, 2021). Eg føler det hensiktsmessig å skilje denne gruppa frå gruppe 2, då desse ofte hamnar i diskusjonar rundt kor langt ein burde gå med ein potensiell rusreform. Det skal seiast at diskusjonane mellom desse ofte ber preg av ein viss grad respekt ovanfor at de har ulike meiningar samanlikna med når de diskuterer med brukarar som er meir kritiske til rusreforma.



Figur 3

Sluttvis for denne delen av analysen vil eg fort gå gjennom ei avstemming som vart gjennomført på r/Norge i starten av 2022, kor brukarane vart spurt om korleis de meiner den norske ruspolitikken burde sjå ut. Figur 3 er eit skjermbilete av resultatet slik det vart presentert i innlegget. Totalt var det om lag 2800 svar avgitt, spreidd utover 6 svaralternativ. Ettersom det ikkje er nokon måte for verken meg, eller brukaren som originalt publiserte undersøkinga å være sikker på om dette oppriktig er 2800 individuelle stemmer, eller om nokon har nytta seg av fleire brukerkontoar er det vanskeleg å sei for mykje om validiteten og generaliseringspotensialet for denne undersøkinga, men basert på min analyse vil eg påstå at dette for det meste avspeglar mi erfaring av debatten. Brukaren som originalt publiserte spørjeundersøkinga spesifiserte i ingressen av innlegget at alkohol ikkje var inkludert som rusmiddel. Tala som vises til venstre for kvart alternativ er antalet som valde det aktuelle alternativet. Som ein kan sjå over er avkriminalisering av alle rusmidlar og legalisering av cannabis den desidert største gruppa, med om lag 1 100 stemmer (om lag 40%), følgt av de som berre vil ha avkriminalisering, med 625 stemmer. Ein kan også tydeleg sjå at de resterande alternativa har tilnærma like resultat med mellom 267 og 307 stemmer.

## 5.7 ALKOHOL OG REGULERING

Eit interessant fenomen, som kjem at og at igjen, er samanlikninga mellom de illegale rusmidlane rusreforma ønskjer å avkriminalisere, og alkohol. Det er ein signifikant mengde av brukarane på r/Norge som er kritisk til at alkohol skulle kunne være lov om andre rusmidlar er for farlege, då alkohol tross alt er blant de farlegare rusmidla. De baserer seg på, og linkar blant anna til ein tabell frå ein tabell frå journalen «The Lancet» som rangerte alkohol som desidert det farlegaste rusmiddelet både for brukaren sjølv og de rundt ein (Nutt, King, & Phillips, 2010) . Det som er mest interessant med dette er at mange av de som nyttar dette som argument ser ikkje ut til å være like kritiske til statistikken de nyttar seg av for å forsterke argumentet sitt. Til dømes ser ein i eine innlegget for dette utvalet at nokon forsøkjer samanlikna antall overdosedødsfall og alkoholutløyste dødsfall i Norge 2016, 260 (Helsedirektoratet, 2017) og 336 (Gjersing, 2018) respektivt. Ei slik samanlikning er sjølv sagt problematisk. Det norske forbruket av alkohol er mange gangar større enn det av illegale rusmidlar, noko kommentatorane under påstanden også er forholdsvis raske til å poengtere, sjølv om de uttrykker støtte for prinsippet bak påstanden. Det skal nemnast at dette er blant de mindre populære argumenta i den forstand at den ofte mottek kritikk frå begge sider av debatten, spesielt i de få tilfella kor det vert føreslått å kriminalisere alkohol og legalisere cannabis.

Andre argument som får litt meir medgang i debatten er samanlikninga mellom forbodstida, og korleis opphevinga av denne førte til ein reduksjon av kriminelle organisasjonar då mykje av levebrødet frå sal av alkohol forsvann frå gatene. Argumentet går i essens ut på at legalisering av mange av de mildare rusmidla lik cannabis og fleinsopp vil redusere inntekta til kriminelle organisasjonar. Når det kjem til de tyngre midlane lik heroin og amfetamin lyder argumentet at avkriminalisering kombinert med rus på resept vil bidra til å gi tyngre rusmisbrukarar ein trygg rus samt betre moglegheiter for å be om hjelp til avrusing.

Den meir populære meininga ein ser på subredditten er ei sidestilling mellom alkohol og andre rusmidlar. I desse tilfella erkjenner de at rusmidlar er grunnleggande usunne, og potensielt farlege. Mange av desse trur ikkje alkohol ville vore tillate om det vart oppfunne i 2022, og at det på mange vis er eit rusmiddel som har fått fri inngang inn i det moderne samfunn på ryggen av kultur framfor faktisk vitskap og risikoanalysar. I så tilfelle ser de ikkje forskjellen på alkohol og andre rusmidlar, då de illegale rusmidla unekteleg framleis eksisterer i Norge, til tross for 50 år med forbodslinje. Utifrå denne forståinga ser de den norske krigen mot rusmidlar som både feilslått og arkaisk. Eg har inntrykk av at de ser forbodstida, kor alkohol var eit illegalt rusmiddel, som ein parallell til situasjonen me i dag har med andre rusmidlar, og at oppskrifta for å løyse problematikken difor har vore tilgjengeleg for oss sidan 1927, då forbodstida omsider tok slutt.

Alkohol kjem også ofte opp som ein inspirasjonskjelde for korleis best svare til mange frykter folk ser ut til å ha ved ei potensiell legalisering, altså om ein veljar å hoppe over avkriminalisering fullstendig. Det er til dømes ein del som gir uttrykk for bekymringar relatert til kor enkelt det vil være for ungdom å få tak i diverse rusmidlar, og de siterer ofte funn frå Amerikanske delstatar lik Colorado og California, som har vist ei auke i rekreasjonen bruk blant ungdom. Det er få til ingen som vil at ungdom skal kunne få tak i rusmidlar, og sjølv om det ikkje nødvendigvis ser ut til å være nokon konsensus på ei potensiell aldersgrense, er de aller fleste tilsynelatande einige om at all form for lovleg rusmiddel skal seljast enten på resept eller på vinmonopolet, eller ein tilsvarande butikk. Svært få ser ut til å ville ha noko tilnærma Nederlands kaffibarar, eller USAs private utsalsstader. De vil helst ha statleg oversyn. Ettersom subredditten er forholdsvis kritisk til dagens politikarar kan det hende at de har danna seg ein anntaking at ved ei eventuell legalisering har det skjedd nokk utbytte i statlege organ, eller eit stort nokk ideologisk skifte til at brukarane kan stole på staten til å gjennomføre det på riktig måte. I tillegg samanliknar de kvaliteten av alkohol under forbodstida med kvaliteten av dagens illegale rusmidlar.



Ettersom det var null regulering av produkta til seljarane, var det ofte stor fare for at alkoholen ein kjøpte var mykje farlegare enn seljar fortalte. Det var ingen kontroll over kva ein kjøpte og vidare putta i kroppen sin. Når forbodstida vart oppheva kom det ei rekke reguleringar på plass som sikra at ein i dag veit med rimeleg god sikkerheit at alkoholen ein kjøpar er drikkeleg, og ikkje spylerveske. På same vis argumenterer mange av r/Norges deltakarar for at legalisering av andre rusmidlar vil gjere dei mykje tryggare å bruke, og difor bidra til å redusere dødsfall og psykosar blant brukarar av rusmidlar.

## 6 DISKUSJON

---

I dette kapittelet ønskjer eg ta for meg punkta me fann i analysekapittelet og byrja forsøkje forklare funna, samt forsøkje dra linjer mellom debatten på r/Norge, og potensielle konsekvensar dette kan ha på samfunnsnivå. Dette vil svare til de originale problemstillingane eg presenterte tidlegare i kapittel 1. For oppfrisking, var de som følgje:

- *Korleis ser debatt ut på r/Norge?*
- *Kven deltek i desse debattane?*
- *Stemmer mi overflatiske observasjon av veksande mistillit med det som framstår på r/Norge, og kva kan eventuelt konsekvensane av denne mistillita være?*

### 6.1 GRUPPER OG TILLIT

So kva kan me eigentleg sei om problemstillingane? Fyrst og fremst, korleis ser debatten ut på r/Norge? Ei forholdsvis enkel beskriving vil være «einsidig». Basert på utvalet for denne oppgåva er det vanskeleg å argumentere for noko anna. Det kan sjå ut som om det er usedvanleg vanskeleg for opposisjonen mot rusreforma å få noko form for fotfeste, og fleire deltakarar kommenterer sjølv på dette i mange av innlegga. Det kan sjå ut som om berre dei som står sterkast imot i det heile *forsøker* argumentere sin sak, og det med ein forholdsvis krass tone, og minst like krasse responsar. Me diskuterte i analysekapittelet tendensar for framandgjering samt kor enkelt deltakarane tek anekdotiske historier for god fisk, og eg ønskjer diskutere dette nærmare her. Det er for meg unekteleg problematisk at ein subreddit som rommar nærmare 190 000 medlem, kor me nesten må anta at majoriteten er nordmenn, dannar seg ei gruppering på nett som til dels stillar seg sjølv utanfor fellesskapen slik me observerte i kapittel 5. Det er ein tydeleg «oss» mot «de» karakteristikk blant mange av kommentarane, spesielt når ein snakkar om statlege organ. Du kan ikkje støtte deg på helsevesenet, politikarane vert beskriven som urmenneske, politiet som valdelege tyrannar og vanlege folket som villige

observatørar av eit umenneskeleg system som har gjort meir skade enn godt. Det er vanskeleg å ikkje frykte for kor dette kan ende. Basert på observasjonane eg har gjort i mitt utval, føler eg det både kritikkverdig og til dels urovekkande at anekdotiske forteljingar får så god plass i debatten som den gjer på r/Norge, då spesielt når det er snakk om negative opplevingar med politiet. Les ein mange av desse historiene kunne ein nesten komme til fare å tru at politiet gjennomfører komplett kroppsvisitering av tilfeldige, uskuldelege menneskjer på open gate nær kvar einaste dag. Med tanke på at mange av innlegga på r/Norge baserer seg på nyhendartiklar, er dette kanskje ikkje overraskande. På same vis som at politiet i mykje større grad enn andre ser de verste aspekta ved rus på nær hold, ser også berre deltakarane av r/Norge det verste av politiet, ettersom det er mykje meir interessant å skrive om alle gongane politiet gjer noko feil, enn når det går fint. Det er jo tross alt ingen avis som skriv «Politimann brøyt ikkje loven i dag heller». I staden, kvar gong det er snakk om politiet, og spesielt i kontekst av rusdebatten er det snakk om ulovlege søk, overtramp frå Norsk Narkotikapolitiforeining (NNPF) og andre tilfelle av misbrukt makt. Det er likevel foruroligande at deltakarane av r/Norge ser seg så villige til å akseptere denne konstruksjonen då den på sikt kan resultere i ytterlegare degradering av tillit ovanfor statlege organ. Den norske velferdsstaten er på mange vis avhengige av tillit, og når det vert sett spørsmålsteikn ved denne tilliten føler eg det er riktig å slå på varsellampene. Det er likevel avstanden r/Norge ser ut til å ta frå den generelle befolkninga som eg finn mest urovekkande. Debatten ber tydelege preg av at deltakarane av r/Norge er blant de få menneskja i Norge intelligente nokk til å sjå sanninga av situasjonen me finn oss i med rus. Alle andre er blenda av 50 år med amerikansk propaganda.

## **6.2 PORTVAKTENE KONSTRUERER SITT EIGE EKKOKAMMER**

Som konsekvens av dette er deltakarane som er for ein form for rusreform den desidert dominerande grupperinga. Det er fleire konsekvensar med

dette som er verdt diskutere. Eg har til tider i denne oppgåva alludert til ein ide om «portvakter». I tradisjonelle media er dette til dømes redaktøren som bestemmer kva som skal inkluderast i dagens nyhender, kva som er av nokk allmenn interesse til å få plass. Digitale forum lik Reddit skal liksom være til dels fri for dette, og det skal seiast at moderatorar aldri involverte seg i innlegga eg observerte i mitt utval. Men det eksisterer framleis ein portvakt, og det er den dominerande gruppa. Reddit nyttar seg som nemnd av ein algoritme som dytter opp visse innlegg og kommentarar basert på engasjementet. Eg nemnde til dømes at utvalet mitt berre består av eit innlegg eg ville beskrive som kritisk til rusreforma, og eg har ein mistanke om at dette kjem av at grupperinga for rusreform, i kraft av Reddits algoritmar konsentrerer og framstiller den «riktige» meininga og den «korrekte» tolkinga av rusdebatten, utan at de sjølv nødvendigvis er klar over det. Når debatten er så einsidig som den fremstår på r/Norge er eg ikkje overraska over at deltakarar som kanskje er kritisk til ulike aspekt ved reforma veljar å ikkje delta, og at de einaste motseiande stemmene som veljar å gi lyd frå seg er de som står på den ideologiske motpolen, med ein ekstrem forskjell i både persepsjon og perspektiv på rus i Norge.

Ein sitt altså igjen med det som berre kan verte beskrive som eit ekkokammer. Det er absolutt tillat med ueinigheita, men er ein ikkje einig med at dagens ruspolitikk *må* endrast, må ein ha tunga rett i munnen for å oppnå nokon særleg sunn debatt. Videre vert det stadig gjort tydeleg at mange av deltakarane av r/Norge i dag får stadig mindre tiltru til statlege organ. Det eksisterer ein følelse av at staten er ute etter å «ta» folk, ikkje ut av behov, men for å bekrefte sin eigen suverenitet over andre.

Personleg vil eg beskrive dette som ønskjetenking, ein drøym om ein «skurk» å kjempe mot. Nokon er grunn i at alle ikkje ser ting slik tilhengarane av rusreforma gjer, og skurken må «sjølvsagt» byggje sin propaganda på løgner og moral panikk. Korleis elles kan folk være ueinige?

Så kva er konsekvensen av eit ekkokammeret som til stadig uttrykker ei mistillit ovanfor statlege organ? Eg definerte i kapittel 4 den gjennomsnittlege redditbrukaren som ein relativt velutdanna mann mellom 20-35 år. Mi frykt er i grunn at etter kvart som denne gruppa stadig føler seg og deira kritikk meir og meir oversett, og deira identitet vert meir og meir definert som utanfor den generelle befolkninga, at dette skal vakse fram som mistillit til systemet i sin heilheit.

### 6.3 DET ER SÅ ENKELT!

Men kven er det som deltek? Eg diskuterte i kapittel 4 problema med å definere ein konkret brukarbase for Reddit sjølv, for ikkje å snakke om r/Norge. Det me kan gjere er å leggje til at mange av deltakarane ser ut til å i det minste prøvd ulike rusmidlar, og ein ikkje ubetydeleg mengde av de har også hatt møter med politiet, kor de fleste av de kan tydelig verte beskrive som dårlege møter. Det kan for meg verke som at det eine kritiske innlegget frå utvalet hadde mykje rett då de kritiserte rusreformbevegelsen for å missvise kva debatten faktisk handla om, for sjølv om måten rusmisbrukarar vert behandla er hyppig omtalt, opplevst det meir som ein måte å demonisere motstanden framfor genuine ønsjer å hjelpe de svakare stilte.

For deltakarane av r/Norge er oppgitte. Det er da så enkelt å løyse problema ved rus. Steg 1, innsjå at krigen mot narkotika var tapt den augneblinken den starta. Steg 2, aksepter at rusmidlar har kome for å bli, og du vert aldri kvitt dei. Steg 3, godta at alkohol er farlegare enn alle andre rusmidlar, og det ville vore hyklersk å ikkje tillate folk nytte seg av *mindre* skadelege (men framleis skadelege) rusmidlar om de sjølv skulle ønskje.

Dette er *veldig* satt på spissen, men eg står god for at dette er ein akseptabel skildring av den sosiale konstruksjonen r/Norge har konstruert for seg sjølv. Det er ein gjennomgåande trend av frustrasjon og oppgittheit av at ikkje alle ser ting slik r/Norge seg det, som igjen bidreg til ei følelse av «oss» og «dei». Mykje av dette ser ut til å stamme får ein persepsjon av

at dagens ruspolitikk har mislykkast fullstendig, og eit kvart alternativ difor *må* vere betre enn det me har no. Om eg kan tillaten å nytta meg litt av overdrivingar, utan at eg nødvendigvis sidestillar desse to ideologiane, vil eg samanlikna det litt med mange av tilhengarane av flat-jord teoriane. Igjen, eg trur ikkje at de som støtter rusreforma er fullstendig verkelegheitsfjerne, eg er tross alt sjølv for ein rusreform, men eg trur at mykje av debatten, lik flat-jord teoretikarane, er prega av ein følelse av at de har sett bak teppet, og avslørt ein stor og vemmeleg hemmelegheit som de rundt dei fullstendig nektar å akseptere.

#### **6.4 TILLIT TIL STATLEGE ORGAN**

Det verkar for min del, basert på mitt utval, at min tidlege observasjon i april 2021 framleis held vatn. Det er ein trend av mistillit ovanfor ulike statlege organ, kor politiet, saman med NNPF kan synast å være mottakarane av mest furore. Eg har fleire gongar i denne oppgåva referert til tilfellar kor deltakarar av r/Norge rådar mot å be om hjelp frå statlege institusjonar om føler ein har eit problem med eigen rusbruk, og på mange vis er det vanskeleg å sei seg ueinig. Ap låg i 2021 fram ein plan for korleis de ønskte tilnærma seg rusproblematikken, blant desse snakka de om straffeforfølgning av rusbrukarar. De føreslo blant anna at ein skulle skilje mellom rekreasjonelle brukarar og «tunge rusbrukarar», og at berre rekresjonell bruk skulle straffeforfølgjast (Arbeiderpartiet, u.å). Problemet her er at begripe «tung rusbrukar» er ein forholdsvis vag terminologi. Kor mykje cannabis må du røyke før du kan kategoriserast som tung rusbrukar? Er det kanskje smartare å sette nokon sprøyter med heroin før du meldar deg opp for hjelp, for å sikre at du ikkje vert strafeforfølgt? Dette verkar jo på mange vis å fungere mot sin hensikt. Om du kjenner bruken byrjar bli problematisk er det mest hensiktsmessig å vente til du allereie har krasja før du byrjar leite etter hjelp. For mange av deltakarane på r/Norge kan det nemleg sjå ut til at de potensielle konsekvensane ved innrømming av rusbruk er mykje verre enn konsekvensen av sjølv bruken av illegale stoffar. Konsekvensen vert jo då, mykje likt eit born som ønskjer å unngå

kjeft frå mor, at brukarar av rus skjuler bruken i håp om å unngå straff. Vert du tatt for besittelse og/eller bruk av illegale rusmidlar mistar du førarkortet, du får eit kriminelt rulleblad og samstundes må du leve med all form for stigma assosiert med rusbruk. Det kan verke som om dette på mange vis er kjernen i rusdebatten slik den fåregår på r/Norge. Dagens politikk fungerer mot sin hensikt, og de statlege organa har gjennom lovforslag og utsegn i media kommunisert til r/Norge at de er meir enn nøgd med dette. Det er ikkje nødvendig vis realiteten av situasjonen, men persepsjonen legg på mange vis føring for korleis deltakarane av subredditten forholder seg til resten av samfunnet. I ekkokammeret av r/Norge vert dette perspektivet signalforsterka, og vidare aukar denne følelsen av utanforskap som me har diskutert i dette kapitlet.

## 7 KONKLUSJON

---

### 7.1 MITT BIDRAG

Gjennom bruk av Norman Faircloughs (1995; 2010) kritisk diskursanalyse og Susan Herrings (2004; 2007; 2019) har eg i denne masteroppgåva analysert 17 innlegg, med om lag 1700 kommentarar frå subredditten r/Norge som tek for seg rusreforma mellom mars 2021 og mars 2022 for å vise til det eg ser som ein veksande trend for mistillit ovanfor fleire norske maktorgan, inkludert politikarar, helsevesenet og særleg politiet. vist til fleire døme til både frustrasjon og sinne retta mot ulike delar av debatten, samt forsøkt danne ei forklaring for kvifor enkelte meiningar ser ut til å dominere debatten. Gjennom analysen av materiale har eg blant anna illustrert r/Norges veldige misnøye ovanfor politiets handlingsmønster i møte med rus. Det har også vorte diskutert korleis det eksisterer felles aksepterte konstruksjonar av normer og verdiar, og korleis desse ser ut til å syte for eit relativt einsidig debattklima. Brukarane av r/Norge sin setningsstruktur, formulering og ordval har også vore diskutert til den hensikt å vise til ein debatt farga av felles forståtte normer for interaksjon, mykje lik det datamedierte diskursanalyse argumenterer for i datamedierte kommunikasjon. Eg har også argumentert for kvifor eg meiner dette er eit vaksande problem som det er verdt å undersøkje ytterlegare. Videre meiner eg å ha illustrert korleis ein kan nytte seg av sosiale medieplattformer lik Reddit for forskingsformål, samt årsaker til kvifor ein skulle ville gjere dette.

### 7.2 PROBLEM MED OPPGÅVA

Eit av de mest signifikante problema eg sjølv har ved oppgåva er at det er ingen konkret måte for meg å vise materiale eg arbeida frå direkte. Eg har til beste evne forsøkt å presentere diverse skjermbilete med parafraserte kommentarar, men det er unekteleg at det hadde vore både betre og enklare å kunne referere direkte til det konkrete innlegget og den eksakte kommentaren eg til ei kvar tid snakkar om. Eg forstår sjølvsagt kvifor dette



ikkje gjekk ann for denne oppgåva, og eg håpar mine løysingar har fungert til sin hensikt. Eg brukte mykje tid på å finne ein metode for presentasjon av materiale som både tok vare på anonymiteten til brukarane av r/Norge, samstundes som eg kunne gi ei så nøyaktig gjenspegling av korleis debatten *faktisk* såg ut. Litt kunnskap i grafisk design hadde kanskje gjort meg godt. Eg står likevel god for at andre potensielle forskarar vil finne ein debatt som ser mykje lik ut den eg har beskrive i denne oppgåva.

Eit anna problem som eg må nemna har med val av tematikk. Med tanke på hensikta ved oppgåva, altså å vurdere om ein kan sjå nokon teikn til tap av tillit basert på diskurs, hadde det kanskje vore hensiktsmessig å velje andre debattar som utgangspunkt. Når eg originalt tenkte opp denne oppgåva i april 2021 var rusdebatten den mest aktuelle debatten å ta utgangspunkt i, då verken pendlarbustadskandalen frå sommaren 2021 eller straumkrise seinare på året var aktuelle. Seinare, då det vart klart for meg at desse debattane var minst like interessante for analyse, vart planen å fokusere på rusdebatten, forme ein grunnmur, for så å forsøkje dra raude trådar mellom de ulike debattane i eit forsøk på å vise til eit vaksande problem. Tida var derimot ikkje på mi side, og etter kvart såg eg meg nøyd til å fokusere på der eg allereie hadde byrja arbeid. Eg trur framleis rusreformdebatten slik den går føre seg på r/Norge har vore ein nyttig kjelde for analyse, men skulle eg skrive oppgåva på nytt ville eg kanskje vurdert om det kunne vore meir hensiktsmessig å forsøkje integrere funn frå andre debattar, eller til og med bytte tema fullstendig.

### **7.3 VIDERE FORSKING**

Det er fleire fenomen og variablar som kan være av interesse å sjå vidare på, og eg ønskjer her å forholde meg mest til kva meir eg kan sjå verte gjort i kontekst av r/Norge som plattform for vitskaplege prosjekt. Forumet har sidan 2008 opparbeida seg eit medlemskap på over 190 000 medlem, og eg ser det som ein uunnverleg kjelde for vidare forskning på eit mangfald ulike forskingsspørsmål.

Det var den originale intensjonen av denne oppgåva å ta for seg fleire debattar frå r/Norge, då spesielt diskurs rundt pendlarbustadskandalen som brøyt ut i løpet av sommaren 2021, samt straumkrise som vaks fram i løpet av hausten 2021. Etter kvart som tida gjekk fall dette stadig lengre utanfor det eg realistisk kunne gjennomføre, og eg valde å være desse forutan for denne oppgåva, men vil kunne være interessant å sjå om det er ein potensiell raud tråd som går gjennom de ulike debattane, og potensielt spekulere i årsaker til at de til tider skilja seg frå einannan. Basert på overflatiske observasjonar gjort rundt november-desember 2021 låg eg blant anna merke til at medan pendlarbustadskandalen var relativt einsegn, var diskursen rundt straumkrise betydeleg meir splitta. Kva kan være potensielle årsaker til dette? Det kan også være interessant å sjå kven som er sydebukken i de ulike debattane. Det vil til dømes ikkje være naturleg å diskutere politiet når det er snakk om straumprisar.

Eg trur også det kan være hensiktsmessig å sjå på innlegg som tilsynelatande ikkje har noko med politikk og tillit å gjere i det heile. Kvifor er det til dømes slik at det mest like innlegget på r/Norge gjennom tidene er eit bilete av Kong Harald VII, tett følgt av ein meme om 50åringar som dro til syden under koronapandemien? Kva andre tematikkar er det deltakarane av r/Norge likar diskutere? Skilja denne diskursen seg frå måten de snakkar om politikk? Det kunne også vore interessant å forsøkje identifisere korleis r/Norge skilja seg frå andre subreddittar, lik til dømes den svenske r/Sweden, eller danske r/DK. Eg har også trua på at det er mykje ein kan hente ved å sjå til subreddittar som tar for seg rus som tematikk på andre språk, lik r/tree, r/addiction eller r/HarmReduction. Korleis er de like, korleis skiljar de seg, og kvifor?

## 8 REFERANSER

---

- Androutsopoulos, J. (2006). Introduction: Sociolinguistics and computer-mediated communication. *Journal of Sociolinguistics*, 10(4), 419-438.
- Arbeiderpartiet. (u.å). *Rus*. Hentet fra Arbeiderpartiet: <https://www.arbeiderpartiet.no/politikken/rus/>
- Awan, A. N. (2007). Virtual jihadist media: Function, legitimacy and radicalizing efficacy. *European journal of cultural studies*, 10(3), p.389-408. doi:10.1177/1367549407079713
- Betten, P. (2019). Cannabis og Tobakk - eit studie av diskurs rundt cannabis og tobakk de siste 15 åra. Hentet fra <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/handle/11250/2613718>
- Blitvich, P. G.-C., & Bou-Franch, P. (2019). Introduction to Analyzing Digital Discourse: New Insight and Future Direction. I P. G.-C. Blitvich, & P. Bou-Franch (Red.), *Analyzing Digital Discourse: New Insight and Future Direction* (ss. 3-22). Cham, Switzerland: Palgrave Macmillan.
- Bungum, B., Forseth, U., & Kvande, E. (2015). Internasjonalisering og den norske modellen. I B. Bungum, U. Forseth, E. Kvande, B. Bungum, U. Forseth, & E. Kvande (Red.), *Den Norske Modellen - Internasjonalisering som utfordring og vitalisering* (ss. 13-35). Bergen: Fagbokforlaget.
- Dean, B. (2021, 10 12). *Reddit User and Growth Stats (updated oct 2021)*. Hentet fra Backlinko: <https://backlinko.com/reddit-users#reddit-statistics>
- European Monitoring Centre for Drugs and Drug Addiction. (2021). *European Drug Report 2021 Trends and Developments*. Luxembourg: Publications Office of the European Union. doi:doi:10.2810/18539
- Fairclough, N. (1995). *Critical discourse analysis: the critical study of language*. New York: Longman Publishing.
- Fairclough, N. (2010). *Critical Discourse Analysis: The Critical Study of Language* (2nd. utg.). New York: Routledge.
- Gjersing, L. (2018, 01 18). *Alkoholutløste dødsfall i Norge i 2016*. Hentet fra FHI: <https://www.fhi.no/ml/alkohol/alkoholutloste-dodsfall-i-norge-i-2016/>
- Helsedirektoratet. (2017, 11 09). *Overdose – lokalt forebyggende arbeid*. Hentet fra Helsedirektoratet: <https://www.helsedirektoratet.no/faglige-rad/overdose-lokalt-forebyggende-arbeid/statistikk-og-definisjon-pa-overdose>
- Herring, S. (2004). Computer-mediated discourse analysis: an approach to researching online communities. *Designing for Virtual Communities in the Service of Learning*, 316-338. doi:10.1017/CBO9780511805080.016
- Herring, S. (2007). A Faceted Classification Scheme for Computer-Mediated Discourse. *Language@internet*, 4(1). Hentet fra Language@internet: <http://nbn-resolving.de/urn:nbn:de:0009-7-7611>

- Herring, S. (2019). The Coevolution of Computer-Mediated Communication and Computer-mediated Discourse Analysis. I P. Bou-Franch, & P. G.-C. Blitvich (Red.), *Analyzing Digital Discourse: New Insight and Future direction* (ss. 25-67). Cham, Switzerland: Palgrave Macmillan.
- Hubner, A., McKnight, J., Sweitzer, M., & Bond, R. (2020). Down to a r/science: Integrating Computational. *Journal of Communication Management*, 24(3), 265-283. doi:DOI: 10.5117/CCR2021.1.004.HUBN
- International IDEA. (2021). *The Global State of Democracy 2021: Building Resilience in a Pandemic Era*. Strömsborg: International IDEA,. Hentet fra <https://www.idea.int>
- Internet Archives. (u.å). *About the Internet Archives*. Hentet fra Archive.org: <https://archive.org/about>
- Johnson, M. N., & Mclean, E. (2020). Discourse analysis. I A. Kobayashi (Red.), *International Encyclopedia of Human Geography (Second Edition)* (ss. 377-383). Oxford: Elsevier. doi:<https://doi.org/10.1016/B978-0-08-102295-5.12001-3>
- Kurvitz, R. (2020, 01 12). The Feature That Almost Sank Disco Elysium | Audio Logs. (Gamespot, Intervjuer) Youtube. Hentet fra <https://www.youtube.com/watch?v=9X0-W5erEXw>
- Nutt, D. J., King, L. A., & Phillips, L. (2010). Drug harms in the UK: a multicriteria decision analysis. *Lancet*, 376(9752), 1558-1565. doi:10.1016/S0140-6736(10)61462-6
- Reddit. (2021). *Quarentined Subreddits*. Hentet fra reddithelp: <https://www.reddithelp.com/hc/en-us/articles/360043069012>
- Sewell, W. H. (1992). A Theory of Structure: Duality, Agency, and Transformation. *American Journal of Sociology*, 98(1), 1-29. Hentet fra <https://www.jstor.org/stable/2781191>
- Similarweb. (u.å). *Reddit.com*. Hentet 05 22, 2022 fra Similarweb: <https://www.similarweb.com/website/reddit.com/#overview>
- Statista. (2020, 04 28). *Percentage of internet users who use Reddit in the United Kingdom (UK) as of 3rd quarter 2020, by age group*. Hentet fra Statista: <https://www.statista.com/statistics/1184024/reddit-user-demographics/>
- Statista. (2021, 01 28). *Percentage of U.S. adults who use Reddit as of February 2021, by age group*. Hentet fra Statista: <https://www.statista.com/statistics/261766/share-of-us-internet-users-who-use-reddit-by-age-group/>
- Statista. (2022, 01 28). *Percentage of U.S. adults who use Reddit as of February 2021, by education level* . Hentet fra Statista: <https://www.statista.com/statistics/261776/share-of-us-internet-users-who-use-reddit-by-education-level/>
- Statista. (2022, 03 22). *Distribution of Reddit users worldwide as of January 2022, by gender*. Hentet fra <https://www.statista.com/statistics/1255182/distribution-of-users-on-reddit-worldwide-gender/>
- Torrone, P. (2020, 12 01). *Donate to the Internet Archive: Digital Library of Free & Borrowable Books, Movies, Music & Wayback Machine @internetarchive*. Hentet fra Adafuit.com: <https://blog.adafuit.com/2020/12/01/donate-to-the-internet-archive-digital-library-of-free-borrowable-books-movies-music-wayback-machine-internetarchive/>

- von Mierlo, T. (2014, Februar). The 1% Rule in Four Digital Health Social Networks: An Observational Study. *16*(2), p.e33-p.e33. doi:10.2196/jmir.2966
- Vozgova, Z., & Afanasyeva, O. (2018). Computer-mediated discourse analysis: an overview of leading vocabulary teaching strategies. *Proceedings of the 2nd International Conference on Social, Economic and Academic Leadership (ICSEAL 2018)*. 217, ss. 256-264. Prague: Atlantic press. doi:<https://doi.org/10.2991/icseal-18.2018.36>
- Wodak, R. (2007). Pragmatics and critical discourse analysis: A cross-disciplinary inquiry. *Pragmatics & Cognition*, *15*(1), 203-225. doi:10.1075/pc.15.1.13wod

# NSD NORSK SENTER FOR FORSKNINGSDATA

## Vurdering

### Referansenummer

442427

### Prosjekttittel

Rusdebatten i digitale medier

### Behandlingsansvarlig institusjon

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet / Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap (SU) /  
Institutt for sosiologi og statsvitenskap

### Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Mariann Villa , mariann.villa@ntnu.no, tlf: 98643839

### Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

### Kontaktinformasjon, student

Preben Betten, prebeb@stud.NTNU.no, tlf: 94833185

### Prosjektperiode

16.08.2021 - 15.06.2022

### Vurdering (1)

---

#### 14.12.2021 - Vurdert

Det er vår vurdering at behandlingen vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet 14.12.2021 med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

#### IKKE BEHOV FOR DPIA

Det behandles særlige kategorier av personopplysninger (sensitive opplysninger) uten at dette er basert på samtykke, og det unntas fra de registrertes rettigheter. Vi vurderer likevel at det ikke er snakk om høy risiko for de registrertes friheter og rettigheter, og at det dermed ikke er nødvendig å gjøre en personvernkonsekvensvurdering (DPIA) jf. personvernforordningen art. 35 nr. 1. Dette er begrunnet i følgende momenter:

Data hentes utelukkende fra offentlige kilder og skal ikke sammenstilles med andre kilder  
Data som hentes vil ha høy grad av forventet offentlighet og skal anonymiseres fortløpende

Få personer har tilgang  
Varigheten er kort  
Behandlingen er begrenset til ett konkret prosjekt og skal ikke brukes til andre formål

#### TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige personopplysninger, særlige kategorier av personopplysninger om politisk oppfatning og personopplysninger om straffedommer og lovovertridelser frem til 15.06.2022.

#### LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil behandle overnevnte kategorier av personopplysninger med grunnlag i at oppgaven er nødvendig for å utføre en oppgave i allmennhetens interesse og for formål knyttet til vitenskapelig forskning.

Personvernrisikoen reduseres for den enkelte registrerte ved at studenten fortløpende skal anonymisere de opplysningene som samles inn og ingen skal kunne gjenkjennes i publikasjonen.

Studenten beskriver at prosjektets samfunnsnytte slik:

"Eg meiner oppgåva er av allmenn interesse på bakgrunn av at den vil kunne bidra til ei betre forståing av korleis diskurs på sosiale medier skiljer seg frå meir tradisjonelle medier. Det er mange interessante sosiale fenomen ein kan observere i sosiale medier, som best kan utforskast når studieobjektet ikkje sjølv veit dei vert observert. T.d. kan det være interessant å ta for seg forskjellen mellom rolla til ein redaktør for ei avis, og ein moderator av ein sosiale medieplattform lik reddit. Det er også interessant å sjå på korleis rusdebatten t.d. nyttast for å distansiere /r/Norge frå tradisjonelle medier, eller dyrkning av misstilt ovanfor politiet."

Lovlig grunnlag for behandlingen av alminnelige personopplysninger er dermed at den er nødvendig for å utføre en oppgave i allmennhetens interesse, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav e, samt for formål knyttet til vitenskapelig forskning, jf. personopplysningsloven § 8, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 3 bokstav b.

Lovlig grunnlag for behandlingen av særlige kategorier av personopplysninger er at den er nødvendig for formål knyttet til vitenskapelig forskning, jf. personvernforordningen art. 9 nr. 2 bokstav j, jf. personopplysningsloven § 9.

Lovlig grunnlag for behandlingen av personopplysninger om straffedommer og lovovertridelser er at den er nødvendig for formål knyttet til vitenskapelig forskning, jf. personvernforordningen art. 10, jf. art. 9 nr. 2 bokstav j, jf. personopplysningsloven § 9, jf. § 11 første ledd.

Behandlingen er omfattet av nødvendige garantier for å sikre den registrertes rettigheter og friheter, jf. personvernforordningen art. 89 nr. 1.

#### PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen:

om lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at den registrerte får tilfredsstillende informasjon/ved at prosjektet oppfyller kravet om nødvendige garantier – Vurder informasjonen.

formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål

dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet

lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

#### DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18) og protest (art. 21).

Det kan unntas fra informasjonsplikt etter art. 14 nr. 5 b), der personopplysninger ikke har blitt samlet inn fra den registrerte. Dette er fordi det vil være uforholdsmessig vanskelig for studenten å gi informasjon, versus den nytten den enkelte vil ha av å få informasjon. Opplysningene er publisert på offentlige forum tilgjengelig for alle, og studenten skal gjøre grep for å sikre at enkelt personer ikke vil kjennes igjen i publikasjonen. I tillegg har ikke studenten tilgang til de registrertes kontaktinformasjon.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

#### FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32). For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og/eller rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

#### MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde: <https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-endringer-i-meldeskjema>

Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

#### OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Kontaktperson hos NSD: Belinda Gloppen Helle  
Lykke til med prosjektet!



Gull eller gråstein  
I det minste gjort det sjølv  
Er litt trøyst i det

*Preben Betten*